

HALVÅRSSKRIFT FOR

PRAKTISK TEOLOGI

1-2009
LUTHER FORLAG



**TEMA:
TROSPRAKSISER
FOR UNGDOM**

Bård Eirik Hallesby Norheim:

*Vil du vera med på leiartreningskurs?
Teologi for ein mobil tru*

Astrid Sandsmark:

Rammebyggere og malere – voksne og ungdommer som frivillige medarbeidere i kristent ungdomsarbeid

Birgitte Lerheim:

Kyrkje som nettverk? Refleksjonar over kyrkjeforståinga i lys av virtuelle fellesskapspraksisar

Geir Otto Holmås:

Bønn og disippelskap i Lukas-Acta. Til belysning av bønnens betydning for kristen formatio

Ingrid Vad Nilsen:

Er integrering av innvandrere mulig? Menighetsarbeid i spenningen mellom segregering og assimilering

Margit Lovise Holt:

Gudstjenestereform og ungdom

Anna Dalaker:

Tro – en kilde til livsmot?

Ex libris

INNHold NR. 1/2009 – 26. ÅRGANG

- Ti
Ha
2009/2010
- 1 Leder
 - 2 ad fontes
HPT – Forskning:
 - 3 Bård Eirik Hallesby Norheim: Vil du vera med på leirtreningskurs? Teologi for ein mobil tru
 - 14 Astrid Sandsmark: Rammebyggere og malere – voksne og ungdommer som frivillige medarbeidere i kristent ungdomsarbeid
 - 24 Birgitte Lerheim: Kyrkje som nettverk?
Refleksjonar over kyrkjeforståinga i lys av virtuelle fellesskapspraksisar
 - 35 Geir Otto Holmås: Bønn og disippelskap i Lukas-Acta.
Til belysning av bønnens betydning for kristen *formatio*
 - 45 Ingrid Vad Nilsen: Er integrering av invandrere mulig?
Menighetsarbeid i spenningen mellom segrering og assimilering
HPT – Aktuelt:
 - 57 Margit Lovise Holte: Gudstjenestereform og ungdom
HPT – Fra praksisfeltet:
 - 63 Anna Dalaker: Tro – en kilde til livsmot?
 - 68 Ex Libris

Halvårsskrift for praktisk teologi

TILLEGG SHEFTE TIL LUTHERSK KIRKETIDENDE

ANSVARLIG UTGIVER Luther Forlag A/S

REDAKSJON Harald Hegstad (hovedred.), Harald Askeland, Leif Gunnar Engedal, Marit Halvorsen Hougnsnæs, Vidar L. Haanes, Astrid Sætrang Morvik

REDAKSJONENS ADRESSE Det teologiske Menighetsfakultet,
P.b. 5144 Majorstua, N-0302 Oslo. E-post: hpt@mf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR Ellen Merete Wilkens Finnseth

ABONNEMENT Bestilles fra redaksjon.lk@lutherforlag.no

Pris: Nkr. 250,- pr. år

Merk: Abonnenter på Luthersk Kirketidende får HPT inkludert i prisen

ENKELTHEFTER kan kjøpes hos Bok&Media, Akersgt. 47 N-0180 Oslo

FORFATTERINSTRUKS Manuskripter som ønskes antatt til trykking, bes innsendt til hpt@mf.no, samt papirkopi til ovenstående adresse. Lengden bør ikke overskride 15 sider. Noter plasseres som sluttnoter. Tidsskriftet praktiserer en referee-ordning, der alle forskningsartikler blir vurdert av én eller flere eksterne fagfeller før publisering. Dette gjelder ikke bokmeldinger eller artikler under vignettene «Aktuelt» og «Fra praksisfeltet».

Trospraksiser for ungdom

«Trospraksis» har i det siste blitt lansert som et nøkkelbegrep i diskusjonen omkring ungdomsarbeid og ungdomsteologi. Flere av artiklene i dette heftet er basert på bidrag fra en konferanse ved Menighetsfakultetet høsten 2008, der diskusjonen om begrepet stod sentralt. Et hovedpoeng for denne måten å tenke på, er at kristen tro ikke bare er noe som sitter i hodet, men i kroppen. Å lære ungdom tro, handler derfor ikke bare om å lære dem et bestemt kunnskapsinnhold, men å involvere dem i kristne kjernepraksiser.

I sin artikkel om ledertreningskurs i forlengelsen av konfirmanttiden peker *Bård Eirik Hallesby Norheim* på at målet med slike kurs må være å øve opp de unge i kirkens kjernepraksiser, slik at de øver opp et trosliv som de kan bære med seg når den aktive involvering med kirkens ungdomsarbeid er slutt – en mobil tro.

Artikkelen «Rammebyggere og malere» av *Astrid Sandsmark* bygger på intervjuer med ungdom og voksne medarbeidere i tre ulike ungdomsarbeid. Hun har undersøkt hvordan ungdom og voksne ledere beskriver sine respektive roller og forholdet mellom dem. Et funn er at man trenger noen som ivaretar strukturell stabilitet («rammebyggere»), for at andre kan utfolde seg, «male».

I artikkelen «Kyrkje som nettverk» diskuterer *Birgitte Lerheim* konsekvensene av nye medier for forståelsen av kirken som fellesskap, bl.a. i forhold til Pete Wards begrep om «flytende kirke». Hun tar til orde for en forståelse av kirken som fellesskap som ikke bare inkluderer de med kompetanse til å forholde seg til nye nettverkspraksiser.

Geir Otto Holmås' artikkel om bønn i Lukas-Acta handler nettopp om en av de kristne kjernepraksiser. Han viser hvordan bønn nettopp blir forstått som en viktig vei for kristen formatio.

Under vignetten «Aktuelt» diskuterer *Margit Lovise Holte* forslaget til gudstjenestereform i et ungdomsperspektiv. Til slutt i heftet bringer vi også flere bokmeldinger med relevans for tema.

Heftet inneholder også to bidrag som ikke uten videre sorterer under hovedtema for heftet. *Ingrid Vad Nilsens* artikkel «Er integrering av innvandrere mulig» formidler erfaringer og refleksjoner omkring kristne innvandrere og deres plass i menigheter i Den norske kirke. Under vignetten «Fra praksisfeltet» presenterer *Anna Dalaker* utviklingen av et kurskonsept om tro og mestring for mennesker som lever med kroniske sykdommer. Også her spiller kristne trospraksiser, bl.a. i form av liturgiske samlinger, en viktig rolle.

HARALD HEGSTAD

AD FONTES

Dagen etter sto Johannes der igjen sammen med to av disiplene sine. Da Jesus kom gående, så Johannes på ham og sa: «Se, Guds lam!» De to disiplene hørte hva han sa, og fulgte etter Jesus. Jesus snudde seg og så at de fulgte ham, og han sa: «Hva leter dere etter?» De svarte: «Rabbi, hvor bor du?» Rabbi betyr lærer. «Kom og se!» sa Jesus. De gikk da med ham og så hvor han bodde, og de ble hos ham den dagen.

Johannesevangeliet kap 1. v. 35–39

Vil du vera med på leiartreningskurs?

Teologi for ei mobil tru



AV BÅRD EIRIK HALLESBY NORHEIM

Bard.E.H.Norheim@mf.no

Vil du vera med på leiartreningskurs?

Det er konfirmantleir. Konfirmanttida når sitt klimaks. Fellesskapet er godt og tett. 1 Kor 12 vert lese og levd. Kanskje er det for nokon av dykk, slik det er for meg, at konfirmantleirar kan gi ein smak av det bakvendtlandet kyrkja kan vera på jorda, ein smak av Guds rike på jord. Midt i dette bakvendtlandet er det eitt spørsmål som lyder oftare enn noko anna – ikkje «vil du leva som kristen?», «vil du gi ditt liv til Jesus» eller noko liknande, men: «Vil du vera med på leiartreningskurs?»

Dette spørsmålet stillast årleg til tusenvis av konfirmantar i Den norske kyrkja. Dei siste tiåra har kyrkjelydar og kristne organisasjonar i samarbeid eller kvar for seg satsa stort på ulike leiartreningskurs i åra etter konfirmasjonstida. Kurset det første året etter konfirmasjonen har ofte hatt som «gulrot» at ungdommar som deltek kan vera med som leiarar på neste års konfirmantleir, medan kurstilbod for seinare aldersgrupper har ein meir fordjupande profil i høve til leiaroppgåver og øving i og kunnskap om kristen tru. Det er vanskeleg å få eksakt oversikt over det empiriske tallmaterialet, sidan desse kursa vert notert og rapportert i ulike samanhengar (organisasjonar og kyrkjelydar). Men i samband med evalueringa av trusopplæringsreforma i Den norske Kyrkja fann ein ut at 56,1 % av alle kyrkjelydar som driv med forsøk hadde leiartrening for fjorårskonfirmanter som

eit tiltak, mot 19,7 % av alle kyrkjelydar i 2003. Det indikerer at det har vore ein kraftig auke i talet på kyrkjelydar som satsar på dette «tiltaket» dei siste åra, sjølv om det ikkje er mogeleg å måla kor stor oppslutningsprosent (prosentdel av årskullet) desse kursa har landet sett under eitt.¹

Ved å satsa strategisk på leiartreningskurs for ungdom i denne alderen verkar det som kristne barne- og ungdomsorganisasjonar og kyrkjelydar har treft ei *nisje*. Eit enkelt søk på nettet på «leiartreningskurs/ledertreningskurs» visar at det nesten gjennomgåande er kristne aktørar som inviterer til slike kurs. Dessutan: I fleire kyrkjelydar og prosti er det slik at aukande deltaking på slike kurs, og det at kursa (teori og «praksis» inkludert) strekk seg over eit heilt skuleår, gjer at desse kursa ein del stader *vidarefører konfirmasjonen som breiddetiltak*. Mi eiga erfaring er at mange av ungdommane som deltek opplever leiartreningskurset som ei naturleg vidareføring av konfirmasjonstida. Utvikling av lokale leiartreningskurs for fjorårskonfirmanter er tilsynelatande ei moderne kyrkjeleg suksesshistorie, på linje med utdelinga av fireårsboka.

Men kva er egentleg føremålet med slike leiartreningskurs? Kva bør ein ha fokus på og kvifor? I denne artikkelen vil eg drøfta kva slike kurs bør ha som føremål. Det vil eg gjera gjennom ei analyse av kva utfordringar ungdomskulturen gir til kristent ungdomsarbeid,

med særleg fokus på konfirmantarbeid og leiartreningskurs. Eg vil særleg fokusera på tre nøkkelomgrep – mobilitet, fellesskap og autentisitet. Med bakgrunn i denne analysen vil eg sjå korleis vår lutherske tradisjon kan gi innspel til gjennomføringa av konfirmasjonstida og leiartreningskurs. Eg vil argumentera for at det er avgjerande å sjå konfirmasjonstida og leiartreningskurs i samanheng, og at ein må setja oppdaging av og øving i det eg vil omtala som kyrkjas kjernepraksisar i sentrum. Dette er ikkje ein artikkel som gjer ei djupanalyse av eksisterande føremål for konkrete leiartreningskurs, men eg ønskjer å spørja kva fokus det truspraktiserande fellesskapet som samlast til konfirmasjonsførebuing og leiartreningskurs skal ha slik at ein tek på alvor den komplekse samanhengen mellom mobilitet og fellesskap og lengta etter autentisitet som pregar ungdomskulturen. Med denne artikkelen ønskjer eg å bidra til ein teologi for ei mobil tru og til ein refleksjon omkring korleis kyrkja inviterer til vidare deltaking i kristent ungdomsarbeid – til vidare liv i kyrkja.

Ungdomskulturen sine «dydar»: Mobilitet og fellesskap

Populærkulturen verkar og dyrkar kombinasjonen av to «dydar»: mobilitet og fellesskap. Berre ta ein titt på 90 % av alle «feel good»-reklamar, så er dette dei forsøker å sameina – fridom til å bevega seg fritt over alt og intense, levande fellesskap. Eit typisk døme er Telenor-reklamen «der du er» (2007), som visar ei rekke unge menneske på ulike stader over heile jorda. I reklamen er dei omkransa av det fellesskapet og nettverket av vennar og kjente som mobilen representerer. Moralen og mottoet for reklamen er: «Har du god dekning, har du alltid verden med deg».

Ungdommar lever dette. Dei er gode på å flytta mellom ulike arenaer, der ein vekslar mellom ulike handlingsmønster, ritual, og vanar. Det opplevast tilsynelatande uproblematisk å gå inn og ut av ulike tradisjonar og kontekstar. Når ein er på skulen, så leiker ein skuleleiken. Når ein er i kyrkja, så leiker ein kyrkjeleiken i tråd med kyrkjetradisjonen. Når ein er på kjøpesenter, så leiker ein kjøpesenter-

leiken. Når ein er i familien, så leiker ein familieleiken.

Som ungdom lærar ein seg kunsten å flytta mellom dei ulike kontekstane – mellom delte heimar, mellom ulike vennegjengar, til studieliv, til utlandet. Men overgangen frå barneåras ofte meir regulære liv til eit meir mobilt tilvere i ungdomstida, skapar krav til identitetskonstruksjon. I ungdomstida må ein læra seg å konstruera seg sjølv og sin eigen identitet i stadig nye settingar.² Mobil og internett har også ført til at ungdommar har fått ein større aksjonsradius. Men denne mobiliteten kan også vera krevjande: Vala ein står overfor i ungdomstida gir seg ikkje (lenger) ut ifrå tradisjon eller sosiale strukturar. Ein er dømt til å velja. Forminga av identitet er i større grad enn før ein prosess med open utgang. Dette set auka krav til individet.³

Auka krav til å framstå med ein identitet som merker seg ut og eit liv som flyter smertefritt mellom ulike kontekstar vert utfordra av ein djup trong etter fellesskap og ei auka interesse for stader og tradisjonar, etter kontinuitet og ei kjensle av å høyra til. Difor er det interessant at heimen i aukande grad er vorte den viktigaste staden for ungdommars fritidsaktivitetar.⁴

Kanskje fører også nye relasjonelle samhandlingsstrukturar til at kravet om å binda saman livets ulike sfærar vert viktigare enn å bryta opp frå ein bestemt sfære, som t.d. heimen. Ungdomstida er ikkje lenger berre ei tid for opprør og lausriving, men ei tid der ein arbeider med å knyta saman ulike delar av livet.⁵

Tidene har endra seg. Folk blondare enn denne artikkelforfattaren innrømmer å ha ringt til folk på såkalla fasttelefon og spurt mobiltelefon-spørsmålet: *Kor er du?* Dei siste tiåras mobilitets- og kommunikasjonsrevolusjon byr på nye utfordringar for kristent ungdomsarbeid. Det som ikkje kan flyttast på har avgrensa verdi. Å praktisera tru etter mobilitets- og kommunikasjonsrevolusjonen handlar om å utvikla ei tru og eit trusliv som flytter med mellom ulike kontekstar og mellom ulike livsfasar. Denne utfordringa er ikkje ny, men ho har auka i styrke.

Når det trivielle vert eksistensielt og det eksistensielle trivielt

Nettopp desse skifta mellom ulike stader og fellesskap gjer at fellestinga vi gjer – kall det gjerne praksisar – ofte vert skiftande eller overflatiske. Den ungarske sosiologen Elemér Hankiss hevdar at menneska i forbrukarsamfunnet leitar etter det ekte, det autentiske, gjennom vanar som i utgangspunktet synast trivielle og overflatiske, som t.d. å sjå såpесeriar og å pussa tennene med tannkremen vi har sett reklame for. Vi lagar egne rituelle kalendrар som passar til denne mobiliteten og til skiftande fellesskap.

Dette fører tilsynelatande til at det trivielle vert eksistensielt. Vi lagar oss ritual til det som i utgangspunktet er trivielt, som t.d. det å pussa tennene om morgonen eller å sjå ein bestemt tv-serie på ein bestemt dag saman med eit bestemt fellesskap eller at vi alltid kjøpar eit bestemt produkt kvar gong vi er på eit bestemt kjøpesenter. Men Hankiss meiner ikkje at dette tyder at forbrukarsamfunnet – eller *forbrukarsivilisasjonen* som Hankiss kallar det – har fortrengt dei eksistensielle spørsmåla. Tvert imot gir denne sivilisasjonen svar på spørsmål som dei tradisjonelle og tidlegare berande institusjonane i den vestlege sivilisasjonen ikkje lenger maktar:

Consumer civilization – and especially its radiant center, the world of advertising – is too often and too easily dismissed as a factory of cheap illusions. This criticism, too, is only partly justified. Because, in its own superficial way, consumer civilization *answers people's existential questions* that the institutions of traditional Western civilization – religion, family, school, community, publicity – are less and less able to answer. (...) It (consumer civilization) projects a new vision of the world, and a new model of human personality; it provides us with a wide range of roles, and it reduces people's anxieties; it trumpets abroad that we are free, young, beautiful, and at home in this world; and it suggests that our life has a meaning and that even supreme Evil, mortality and death, can be defeated.⁶

Hankiss meiner at forbrukarmennesket si leiting etter å konstruera det menneskeleg sjølv et rotfesta i hennar eksistensielle uro:

The passionate and hectic cult of the human self may also have its source in people's existential anxiety, which has become deeper and stronger in a world that has lost its framework of transcendence.⁷

Denne uroa gjer at ein søker fellesskap og stader som byd på tryggleik frå ei omskifteleg verd, men som også iscenesetter forbrukarsivilisasjonen sitt menings- og praksisunivers, som t.d. kjøpesenteret. Difor omtalar Hankiss kjøpesenteret som eit *imago mundi* for forbrukarmennesket, eit tempel for hennar identitetskonstruksjon, eit avbilet av verda slik vi ser henne og lever henne.

Problemet med forbrukarsivilisasjonen er for Hankiss knytt til *autentisitet*. Ved at dei tradisjonelle institusjonane i sivilisasjonen, som tidlegare formidla vidare eit felles ritesystem og sett av eksistensielle narrativ, har hamna i ei krise, vert spørsmålet om autentisitet – kva som kvalifiserer noko som ekte – uavklara. Men trass i denne reservasjonen held Hankiss på ei gjennomgåande kulturoptimistisk tone i høve til framveksten av forbrukarsivilisasjonen.

The trivialities of our everyday lives are not trivial at all. They have hidden deep structures. Beneath their practical functions, our daily activities have a level of significance as well. We are involved, throughout our lives, in a latent existential drama. (...) Beneath the trivialities of our everyday lives, and below the surface of our everyday consciousness, we keep struggling for authenticity, for the intense experience of being, for dignity, for meaning, and yes, also for (the hope of) immortality.⁸

Forbrukarsivilisasjonens praksisar som inspirasjonskjelde for ungdomsarbeidet

Ein som også har ei kulturoptimistisk tilnærming til samtidig populærkultur og forbrukarsivilisasjon er den britiske youth ministry⁹-teologen Pete Ward. Han har vore den dominerande leverandøren av akademisk tenking om kristent ungdomsarbeid i Europa dei siste ti åra. Gjennom fleire bøker har han argumentert for at kyrkja må bruka og knyta an til dei praksisane den postmoderne kulturen byd på – t.d. shopping, internett, kafékultur, nye ritar og reising. Ward utmeislar programmet sitt mest tydeleg, og ekstremt, i boka *Liquid Church* (2002).¹⁰ Kyrkja må i sin måte å vera kyrkje på imitera den seinmoderne kulturen sin flytande samværsstruktur. Med utgangspunkt i den polsk-britiske sosiologen Zygmunt Bauman sin teori om det seinmoderne samfunnet som ei form for flytande modernitet, *liquid moder-*

nity¹¹, hevdar Ward at den flytande seinmoderne kulturen byd kyrkja på meir autentiske moglegheiter for å vera kyrkje. Ward meiner at kyrkja og teologien ikkje tek den postmoderne populærkulturen og forbrukarsamfunnet, inkludert den globale ungdomskulturen, på alvor som positiv moglegheit.¹²

Ward gjer eit forsøk på utvikla ein ekklesiolegi som forstår kyrkja og hennar ungdomsfellesskap mindre statisk. Han teiknar ein visjon av kyrkja som fellesskap med utgangspunkt i den bibelske termen «i Kristus» og konsumsamfunnets nettverksstruktur. Det er dette meir flytande og meir fleksible nettverket som er *liquid church*. Ward grunnfestar denne kyrkjevisjonen i ein sentral trinitarisk term, *perichoresis*, som er den greske nemninga for det relasjonelle tilhøvet mellom Faderen, Sonen og Den Heilage Ande der dei tre personane gjen- sidig deltek i kvarandres fellesskap og gjennomstrøymar kvarandre. Han forstår dette som eit bilete på Guds deltaking i verda, eller Guds misjon i verda. I *liquid church*-terminologien vert dette tolka som Guds «flow» i verda. Gud er etter sin «struktur» «flytande», ifølgje Ward.

Den flytande kulturen vert eit positivt bilete på korleis ei kyrkje som vil romma Gud må opptre, ifølgje Ward. Som eit misjonalt tilsva- r på dei kulturelle endringane må kyrkja difor bryta opp frå å forstå seg sjølv utelukkande som ein fast, stadbunden struktur. Skal kyrkja kommunisera eit relevant evangelium, må ho også vera organisert på ein relevant måte, understrekar han. Ward har redigert to bøker som omhandlar praksisar eller ritar og som tek dette utgangspunktet. Både i *Mass culture* (1999 – fokus på nattverdfeiring), og *The Rite stuff* (2004 – fokus på ritar) kjempar Ward for at praktisering av tru må skje i kreative og kulturelt relevante former, slik at praktiseringa kan vera open og inviterande for stadig nye brukar- grupper.

Flytande frykt og tette fellesskap – slutt på mobiliteten?

Både Hankiss og Ward tilnærmer seg forbru- karsamfunnet og moderne populærkultur og samanhengane mellom dei to «dydane» mobi-

litet og fellesskap med eit positivt og kreativt utgangspunkt. Men etter mitt syn er det ein samanheng dei, og då særleg Ward, ikkje drøf- tar tilstrekkeleg: Felles vanar og praksisar byd på *tryggleik* og *fellesskap* i ei skiftande verd. Gjennom felles praksisar skapar vi fellesskap. For mykje mobilitet er nemleg både skummelt og krevjande. I forbrukarsamfunnet gir det tryggleik at vi er fleire som konsumerer same vara. Det er dette som er Zygmunt Bauman sitt poeng i boka som følgjer etter *Liquid Modernity, Community: Seeking safety in an insecure world* (2001). Her åtvarar Bauman mot den moderne ghettoen: «Nowadays, community is sought as a shelter from the gathering tides of global turbulence... (therefore)... we tend to become sur- faces to each other – for the simple reason that this is the only thing a person can notice in the urban space of lots of strangers».¹³ I følgje Bauman er det berre dei mest ressurssterke som nytt godt av den auka mobiliteten. Dei fleste finn sitt fellesskap eller sin tryggleik i ein eller fleire ghettoar.

Flytande samværstrukturar har, i følgje Bauman, ein tendens til å favorisera dei mest ressurssterke – dei som har pengar, sosial eller intellektuell kapasitet. Poenget for Bauman er at ghettoen vert det mest vanlege uttrykket for menneskeleg fellesskap i ein kultur som for- mast av forbrukarsamfunnet si dyrking av «dydane» mobilitet og fellesskap, der verkeleg mobilitet vert eit luksusgode for eliten. I ein slik kultur får ein i følgje Bauman ei rekke fel- lesskap og nettverk som ikkje heng saman med kvarandre, og soleis i praksis vert ghettoar, fel- lesskap som lukkar seg om seg sjølv.

Bauman vidarefører ghettopessimismen i boka *Liquid fear* (2006). Her drøfter han vidare det han opplever som farane ved den flytande moderniteten og forbrukarsamfunnet sin glo- baliseringsstruktur som favoriserer dei «frie» og ressurssterke. Han forfektar ei langt meir kritisk tilnærming til forbrukarsivilasjonen enn Hankiss og Ward:

The consumer economy depends on the production of consumers, and the consumers that need to be produ- ced for fear-fighting products are fearful and frightened consumers, hopeful that the dangers they fear can be forced to retreat and that they can do it (with paid help, for sure).¹⁴

Bauman ser berre ein veg framover, at dei «frie», dei som beveger seg fritt mellom ulike kontekstar, må verta «ufrie», bundne til fellesskap som dei ikkje sjølv vel å gå inn og ut av:

We may prophesy that, unless bridled and tamed, our negative globalization, alternating between stripping the free of their security in the form of unfreedom, makes catastrophe inescapable.¹⁵

Samanhengen mellom dei to populærkulturelle «dydane» mobilitet og fellesskap er samansett og ambivalent og tolkast noko ulikt av Hankiss, Ward og Bauman. Den ungarske sosiologen Hankiss hevdar at den vestlege sivilisasjonen si krise gjer at vi har fått ein ny «mobilitet», der menneske i større grad enn før skiftar mellom ulike og rite- og praksisfellesskap som ikkje nødvendigvis heng saman, og at forbrukarsivilisasjonen har tatt over som formidlar av dei eksistensielle narrativa. Denne «mobiliteten» gjer at i utgangspunktet trivielle praksisar vert eksistensielle, og at spørsmålet om autentisitet er uavklara. Den britiske youth ministry-teologen Pete Ward brukar dette som eit argument for at kyrkja må forstå seg sjølv og opptre som ein mykje meir flytande og mobil struktur, ein «liquid church», for å møte (unge) menneske heime. Den polsk-britiske sosiologen Zygmunt Bauman argumenterer for at eksklusiv mobilitet forstått som skifte mellom ulike fellesskap er noko berre dei mest ressurssterke «nyt godt av». For dei fleste er den grunnleggjande fellesskapsferinga ghettoen i globaliseringas tidsalder. Bauman kjempar for eit nytt samspell mellom elitens mobilitet og eit fellesmenneskeleg fellesskap for at autentisk solidaritet og fellesskap skal verta mogeleg. Bauman si omhandling av samanhangen mellom mobilitet og fellesskap inneber ein indirekte kritikk av Ward sitt prosjekt. I følge Bauman er faren med dei flytande strukturane at dei underminerer muligheiten for verdsfemnande fellesskap. Desse strukturane favoriserer ein elite. Ward brukar Bauman sine tankar om den sein moderne kulturen som ein flytande kultur som eit positivt argument for at kyrkja (som verdsfemnande fellesskap) skal søkja å byggja ut meir flytande strukturar for å nå ut til det breie lag av folket.

Korleis skal kyrkja møte dette?

Det ambivalente samspelet mellom mobilitet og fellesskap – og ikkje minst den uavklara lengta etter det autentiske som kjenneteiknar forbrukarsamfunnet og ungdomskulturen – påverkar korleis kyrkja tenkjer om og organiserer sitt arbeid mellom ungdom, som t.d. konfirmantarbeid og leiartreningskurs. Eg meiner difor at kyrkja mistolkar konteksten og sitt eige oppdrag om ho trur at denne ungdomsgenerasjonen ropar etter kyrkjeleg underhaldningsmaskinar som overgår og overbyr andre aktørar på fritidssamfunnsmarknaden. For mange konfirmantar i dag er ikkje møtet med kyrkja i konfirmasjonstida (lenger) synonymt med kjedeleg, men det er eit møte med eit heller ukjent og eksotisk fellesskap. Det å velja dette fellesskapet – kyrkjeleg konfirmasjon – er mange stader eit val som gjer deg annleis. Du vert del av eit fellesskap som er med å definera kven du er. Og endå viktigare: I ein fleirreligiøs kontekst er det mange konfirmantar som møter kyrkja og konfirmasjonstida med ei naiv nyfikenheit: Kva gjer eigentleg dei kristne? Korleis praktiserer dei trua si? Muslimene har Ramadan og jødane har sabbaten, men kva gjer dei kristne?

Korleis skal så kyrkja møte dette?

Fleire undersøkingar, særleg i USA, har dei seinare åra interessert seg for kva som gjer at nokre kyrkjer og kyrkjelydar lukkast med trusformidling til ungdom. Desse undersøkingane har fokusert på kva som gjer at ungdommar vert verande som aktive deltakarar i kyrkja, og kva som gjer at trua vert ein avgjerande faktor i livet for nokre ungdommar. Boka *Soul Searching* (2005) presenterer og drøftar funna frå den store undersøkinga National Study of Youth and Religion som fann at berre 8% av ungdommane som vart intervjuet forstod trua som ein avgjerande del av livsstilen deira, men at svært mange ungdommar likevel forstod seg sjølv som truande. Undersøkinga fokuserte også på kva kyrkjesamfunn som lukkast best med å bevare ungdommar i den trua dei vart opplærte i – altså «religiøs lojalitet». Der konkluderer ein mellom anna med følgjande:

In general comparisons among major U.S. religious traditions using a variety of sociological measures of religious vitality and salience – which to give a standard

sociological disclaimer, may or may not have anything to do with the truth content of religious traditions or their adherents' actual subjective spiritual life and health – it is Mormon teenagers who are sociologically faring the best. (...) After Mormon Youth, conservative Protestant and black Protestant tend to score the next strongest on most of our sociological indicators.¹⁶

Undersøkinga trekk inga konklusjonar i høve til kvifor det er slik, men det er mogeleg å spørja seg om ikkje det kan hengja saman med at alle desse trusfellesskapa vanlegvis byd på tette fellesskap også i ungdomstida. Tida for ungdomskatekese – eller «konfirmasjon» om ein vil – er også mykje lenger hos t.d. mormonrar enn det som er vanleg i ei gjennomsnittleg protestantisk kyrkje.

Carol E. Lytch diskuterer i boka *Choosing church. What Makes a Difference for Teens*. (2004) med utgangspunkt i eit stort empirisk materiale kva som gjer at ungdommar vert verande i kyrkja. For det første finn ho at sjølv tenåringar som er oppvaksne i autonomiens tidsalder let seg prega av ein trustradisjon som dei opplever som relevant. Ho konkluderer med følgjande:

Teens tend to choose faith when they live in families that «talk the walk» and «walk the talk». Moreover, church-related teens are most likely to «grow up in Christ» when they belong to congregations that have learned to convey unchanging, eternal truths within a changing «culture of choice».¹⁷

Studien «Congregations with Exemplary Ministries with Youth» tok utgangspunkt i at mange ungdommar sluttar i kristent ungdomsarbeid etter konfirmasjonen eller etter endt high school – det ein omtalar som «faith drift». Nyare undersøkingar viste også at dei ikkje nødvendigvis vender tilbake til trua eller kyrkja seinare. Fleire hundre kyrkjelydar med eit aktivt ungdomsarbeid frå dei største protestantiske kyrkjesamfunn og den katolske kyrkja i USA var med på undersøkinga, som vart leia av Roland Martinson, som er professor i youth and family ministry ved St. Paul Luther Seminary i Minnesota. Martinson konkluderer i ein artikkel som oppsummerer mykje av prosjektet med følgjande: «It seems that commitments and practices shaped by a particular understanding of the nature and activity of God make the critical difference in these ministries with youth of vital faith»¹⁸

Alle desse undersøkingane konkluderer altså med at trusfellesskap som byd på praksisar og fellesskap som kan gi næring til ei tru som flyttar med er avgjerande for å utvikla ei mobil tru, ei tru som ein tek med seg vidare i livet. Måten trusfellesskapet (familien, ungdomsfellesskapet, kyrkjelyden) lever og praktiserer trua på er heilt avgjerande for om ungdommane som er med i desse fellesskapa skal oppleve trua som meiningsfull. Det er ikkje gjort store undersøkingar med tilsvarande fokus i norsk samanheng dei seinare åra, men mykje tyder på at biletet ikkje er så ulikt her: Kjennskap til og erfaring av korleis trua levast og praktiserast i trusfellesskapet er avgjerande for om trua opplevast som meiningsfull og at trua kan verta ei tru som kan modnast og flytta med. Ungdommar som møter kyrkja gjennom konfirmasjonstid og leiartreningskurs vil ha eit autentisk svar på spørsmålet – kva det vil seia å leva som kristen.¹⁹

Kjernepraksisar som startpunktet for ei mobil tru

I konfirmantplanen for Den norske kyrkja frå 1998 vert det overordna målet for konfirmanttida formulert slik: «Formålet med konfirmasjonstiden er å vekke og styrke troens liv som gis i dåpen for at de unge kan leve i menighetens fellesskap og vokse som Jesu Kristi disipler».²⁰ Den same planen utfyller dette føremålet i høve til tidlegare planar med å innføra noko planen kallar «disippelpedagogikk»:

I evangelietekstene formidles mange inntrykk av hvordan disippelflokken fungerte som fellesskap. De fikk erfare tilhørighet og omsorg i et spennende læringsmiljø [...] Der fikk de erfare at det de hadde hørt, var sant [...] Beretningen om hvordan Peter, på tross av sviket, likevel holder fast og får en ny start hjelper oss til å forstå disippelflokken som læringsfellesskap, og hva det innebærer å være en disippel.²¹

Dette disippelføremålet, denne disippelpedagogikken, vert kvalifisert teologisk i oppsummeringa av det teologiske kapitelet i planen: «Jesus har knyttet løfter om sitt nærvær til dem som lever i fellesskapet som hans disipler, som samlas om Ordet og sakramentene, lovprisingen og bønnen».²² Konfirmantplanen målber altså at konfirmanttida skal vera forma av praksisar, eit mønster for felles liv, som er gitt

oss frå Jesus sjølv. Konfirmasjonstida skal vera ei tid der ein skal øva på det å leva og veksa som ein Jesu Kristi disippel.

Dei fleste som inviterer til leiartreningskurs i kristen regi ser ut til å fokusera på tre ting:²³

- å læra om og øva på praktiske leiaropp-gåver
- muligheit til personleg utvikling og å veksa som kristen
- godt fellesskap og i nokre tilfelle oppfølging frå ein vaksen medvandrar eller mentor.

Både føremålet for konfirmasjonstida og planane for leiartreningskurs fokuserer på fellesskap, personleg vekst og modning i trua og øving på ulike praksisar eller arbeidsoppgåver. Men kva fokus skal det truspraktiserande fellesskapet som samlast til konfirmasjonsførebuing og leiartreningskurs ha slik at ein tek på alvor den komplekse samanhengen mellom mobilitet og fellesskap og lengta etter autentisitet som pregar ungdomskulturen?

Martin Luther hevdar i skriftet *Om konsiliar og kyrkja* frå 1539 at kyrkja har sju ytre kjenne-teikn. Den tyske teologen Reinhard Hütter hevdar at desse kjenneteikna kan kallast kyrkjias kjernepraksisar:

1. Guds Ord
2. Dåpen
3. Nattverden
4. Nøklemakta
5. Teneste
6. Bønn
7. Etterfølging²⁴

Den katolske filosofen Alasdair MacIntyre forstår ein praksis som ein samanhengande og felles menneskeleg aktivitet som gir dei som praktiserer praksisen del i praksisen sine «interne godar».²⁵ Interne godar, som t.d. fellesskap og god helse, skil seg frå «eksterne godar», som t.d. pengar. Det vert ikkje mindre interne godar til dei andre deltakarane i praksisen etter kvart som ein får del i desse goda, slik tilfellet er med eksterne godar. Gjennom å få del i praksisen sine «interne godar» vert dei deltakande sin kapasitet, evne og forståing systematisk styrka. For

fotball sin del tyder det at alle som spelar fotball får del i praksisen sine «interne godar», som t.d. betre fysisk form, betre forståing av spelet fotball og fordjupa erfaring av samarbeid. Gjennom dette vert kapasiteten eller evna i høve til desse interne goda systematisk styrka.

MacIntyre sitt arbeid med praksisar har vorte vidareført av fleire teologar. To av dei som har jobba særleg tett med dette er dei amerikanske teologane Craig Dykstra og Dorothy Bass, mellom anna i bøkene *Practicing our faith* (1997) og *Growing in the life of faith* (1999). Dei definerer kristne praksisar på følgjande måte:

«By «Christian practices» we mean things Christian people do together over time to address fundamental human needs in response to and in the light of God's active presence for the life of the world (in Jesus Christ)».

Dåpen som utgangspunkt

Derfor skulle alle holde dåpen for å være en kledning som han går med hver dag. Han skulle alltid ha den på seg, så han kan leve i troen og dens frukter, dempe det gamle menneske og vokse i det nye menneske. For hvis vi vil være kristne, så må vi praktisere den gjerning som har gjort oss til kristne.

(Martin Luther i innleiinga til dåpen i Den store katekisma 1529).

Eg vil hevda at det å praktisera tru i ein luthersk tradisjon og kyrkjekontekst handlar om å praktisera den gåva som vert gitt i dåpen. Difor har eg valt å definera kristen praksis på følgjande måte med utgangspunkt i Bass og Dykstra sin definisjon:

«Ein kristen praksis er noko ein gjer saman i ljøs av dåpens nåde, som ein respons på menneskelege behov, og i kraft av Kristi frelsande nærvær i Ord og sakrament.»

Kva tyder dette?

Å praktisera tru handlar først og fremst om å ta noko for gitt: livet i Kristus som vert gitt i dåpen. Dette livet vert gitt oss gratis. Det gjer oss til mottakarar, til truande. Trua er ei gåve, ei gåve som kan brukast og praktiserast. Denne gåva opnar augo våre slik at vi kan ta verda for gitt, som Guds verd. Når vi praktiserer tru, vert heile livet ei omvendning tilbake til Gud og til Guds skaparverk. Vi vert sett fri til å ta i mot

Gud og Guds verd som ei gåve. Det er dette som er bakgrunnen for uttrykket «i kraft av Kristi frelsande nærvær i Ord og sakrament» i definisjonen over. Dette nærværet kan møta oss både der vi ventar det og der vi minst av alt ventar det. Ved å delta i kyrkjens kjernepraksisar sendast vi ut til å praktisera eit vidt spekter av kristne praksisar i kraft av det vi får del i gjennom kyrkjens kjernepraksisar. Desse praksisane er kristne i den forstand at dei vender oss mot det Kristus har å gi. Dei er kristne fordi teologisk forstått er det Den Heilage Ande som er det eigentlege subjektet i praksisane.

Ei tilnærming til tru som underkjenner samanhengen mellom tru og liv, kan fort gjera livet i dåpen unådig, fordi det ikkje finst konkrete stader der ein kan ta i mot og leva i nåden som vert gitt i dåpen. Det er det underliggjande poenget hos Luther i *Om konsiliar og kyrkja frå 1539*. Gud har gitt konkrete kjenneteikn eller praksisar til si kyrkje, slik at trua kan ha tillit til kvar ho kan ta i mot Kristus, som ho lever av og lever i. Etter mitt syn er dette modnings- og praksisperspektivet på tru ei særleg utfordring for kristent ungdomsarbeid. Ungdomstida er – om ikkje anna, så fysisk – ei tid for vekst og utvikling. Dersom ein ikkje i kristent ungdomsarbeid gir rom for at trua kan modnast saman med den utviklinga ein erfarer, står ein i fare for at trua misser kontakten med livet. Ei slik forståing av tru underkjenner paradoksalt nok også skapingsteologien, fordi han underkjenner at mennesket som skapt, modnast og veks, og at trua og truslivet må få høve til delta i og forma denne modninga.

Teologi for ei mobil tru: Med feste i noko fast

Eg meiner difor, paradoksalt nok, at ein teologi for ei mobil tru startar i noko fast, som samtidig er fleksibelt nok til å bli flytta på. Døme: Når disiplane spør Jesus: Herre, lær oss å be! Så svarar ikkje Jesus med å gjie dei 1001 bønner til bruk til i ulike situasjonar, men han lærer dei Fader Vår. Ei mønsterbønn som skal følgja dei overalt. Sagt på ein annan måte: I ein mobil og tidvis flyktig kultur kan ein ikkje berre etter-apa denne kulturens struktur, men ein må by på noko fast som kan gi rom for nettopp mobi-

litet. Dette er delvis ein kritikk av Pete Ward sitt prosjekt i «Liquid church». Dette fokuset på praksisar som er faste og fleksible nok – fordi dei toler å bli repeterte – til å flytta med er også diakonalt forankra. Kyrkja forstått som ein flytande nettverksstruktur kan også lett verta eliten si kyrkje. Ei kyrkje for dei som fiksar mobilitetens krevjande spel.

Etter kvart som heim og skule som stadar for trusformidling og trusopplæring har vorte svekka må kyrkja by ungdommar og andre på eit inviterande og autentisk svar på spørsmålet: kva gjer eigentleg dei kristne? Det leier oss til kyrkjens kjernepraksis som sentrum for kristent ungdomsarbeid. Nattverd, dåp, krossteikning, bønn, lovsong, skriftemål, gjestfridom, omsorg for nesten og bibellesing er ikkje lenger kjedelig, men eksotisk. Sjølv sagt kan det verta kjedelig, men det treng ikkje vera det for ein eksperimentell ungdomsgenerasjon som ropar smak – sjå – kjenn og leitar etter det som er autentisk.

Ei viktig side ved dette fokuset på kyrkjens autentiske arv – kjernepraksisane – er korleis ein gir ungdommar (og andre) mulighet til å bli kjent med og øva seg i desse, slik at det å praktisera dei kan verta ein kroppsleggjort del av deira livsrytme. Kanskje kan vi her læra noko av den klassiske retorikken. Øvingsfasen fram mot ei framføring av ein tale er ofte sett opp slik, ofte omtala som retorikkens fem delar.

1. Inventio (finna)
2. Dispositio (ordna)
3. Elocutio (uttrykka)
4. Memoria (hugsja – oftast ved utanatlæring)
5. Actio (fremføra/handla)²⁶

Denne modellen tek på alvor at det å praktisera tru også er ein prosess der ein som individ med individuelle behov saman med eit truspraktiserande fellesskap oppdagar, lærer og erfarar tradisjonen som ressurs, slik at ein kan laga seg ein «livsregel» – eit sett av kristne praksisar som kan flytta med og utviklast mellom ulike kontekstar og livsfasar. Dei to siste delane i retorikkens fem delar minnar om at for at denne livsregelen skal verta levedyktig og ein del av meg må han kroppsleggjerast gjennom øving og utprøving.

Målet med konfirmasjonstida og påfølgjande leiartreningskurs er noko meir enn å sørgja for framtidige konfirmantleirleiarar eller eit framtidig kyrkjeleg elitelag. Difor treng vi leiartreningskurs som fokuserer på noko meir eller anna enn berre øving på konkrete arbeidsoppgåver. Dette vert forsterka av vi har å gjera med ein ungdomsgenerasjon som veks opp i spenninga mellom mobilitet og fellesskap, og der spørsmålet om autentisitet er uavklara. Konfirmanttida og påfølgjande leiartreningskurs må dyktiggjera og myndiggjera dei som deltek på leiartreningskurset for eit kristenliv som strekk seg utover konfirmantleiren. For framtida. Vi må by dei på ein teologi for ei mobil tru. Vi må gi næring til ei tru som kan flytta med – til nye kontekstar og fellesskap.

Utblikk: når svaret på det første spørsmålet vert nei

Det er gledeleg at kyrkja har funne og utvikla eit tiltak som mange stader fungerer som ei naturleg vidareføring av konfirmasjonstida for mange ungdommar. Men det at leiartreningskurs mange stader er vorte eit breiddetiltak utfordrar også kyrkja og kyrkjelydane på ein ny måte. Kyrkja i Noreg og det kristne ungdomsarbeidet i Noreg utfordrast til å gjenoppdaga det «doble misjonale oppdraget». Kyrkja i Noreg er sendt til alle dei døypte og til alle dei udøypte. Men dette får vera tema for ein eigen artikkel ein annan gong.

Men kva med alle dei som av ulike grunnar ikkje svarar ja på spørsmålet om å bli med på leiartreningskurs? Er eit nei til leiartreningskurs – fordi ein ikkje har tid (kalenderen er full av andre fritidsaktivitetar, det er siste år på ungdomsskulen – foreldra mine seier eg må bruka meir tid på skulen) eller ikkje vil bli leiar – eit nei til eit vidare liv i det kristne fellesskapet?

Er eit nei til leiartreningskurs, i praksis eit nei til å verta med i eit fellesskap der eg kan få utvikla ei tru som flyttar med? Skjønar ungdommane det alvorlet når vi spør dei på konfirmantleir, og skjønar vi som leiarar i kristent ungdomsarbeid det alvorlet når vi spør dei? Det er ikkje mogeleg å føra denne diskusjonen vidare innanfor rammene av denne artikkelen, men eit viktig innspel til refleksjon om dette i

kristent ungdomsarbeid er ei gjennomtenking om kven (kjønn, klasse, «typar») ein rekrutterer til vidare deltaking i kristent ungdomsarbeid.

Kanskje kan ei revurdering av sjølve namnet «leiartreningskurs» vera på sin plass? Fordelen med dette namnet er at det mange stader er innarbeida og tydeleggjer den konkrete linken til konfirmantleiren eller konfirmanttida. «Gulrota» er tydeleg. Kurset gjer at du kan få vera med på konfirmanttida ein gong til. I høve til ei viss gruppe foreldre er det også trygt og attraktivt at son eller dotter er med på leiartreningskurs i kyrkja. Men det spørst om ikkje «medarbeidarkurs» kan dekkja mykje av det same, og samtidig gjera det litt meir ope for dei som vegrar seg for det å verta leiar, men som ønskjer å vera med vidare i fellesskapet.

Hovudpoenget må vera at ein ser leiartreningskurset som ein del av ein større samanheng – som ein del av kyrkja mobile katekumenatsfellesskap – der ein saman oppdagar og øvast i kyrkjas kjernepraksisar (utan at ein treng kalla det «kjernepraksis-akademiet» av den grunn) slik at ein kvar for seg og saman får høve til å utvikla ein tru og eit trusliv som kan flytta med. Og apropos autentisitet: Det er ikkje sikkert at det er fancy teoriar om leiarskap som er kyrkjas pre. Det er vel heller det at leiarskap i kyrkja og kristne fellesskap kan sjå annleis ut fordi det er forma av Han som møter oss når vi tek i mot det Han har å gi gjennom kyrkjas kjernepraksisar. Men kanskje er det nettopp «leiartreningskurs» ein skal kalla det, fordi det på same måte som konfirmasjonstida er eit dannelsingsprosjekt – eit *conformitas Christi* – med utgangspunkt i dåpens nåde. Leiartreningskurset er eit fellesskap som saman skal trenast seg, øva seg i, å venda tilbake til dåpen, slik at dei kan bli leia av Kristus dag for dag, Han som ein vart sameina med i dåpen. På eit leiartreningskurs kan ein trenast seg på å bli leia av Kristus.

Den norske kyrkja må våga å tru at det finnst eit «innanfor» som det er verdt å vera ein del av. Men dette «innanfor» handlar om å gjenoppdaga kyrkjas sentrum. Denne gjenoppdaginga av at noko er «størst av alt» må føra til ei erkjenning og ein praksis som tek på alvor at livet som kristen er meir enn ein fritidsaktivitet

ein vel eller vel bort. Difor må livet i kyrkjelyden gi hjelp til og øving i å utvikla ei tru, eit trusliv, som flyttar med til livets mange kontekstar – her og no, og vidare i livet. Det er dette konfirmasjonstid og leiartreningskurs og andre delar av kristent ungdomsarbeid må prøvast mot. Det utfordrar oss på grunnspørsmålet: Kvifor skal kyrkja driva ungdomsarbeid?

Noter

- 1 Sjå www.utor.no, Delrapport 4, s.56.
- 2 Olsen, Bror: *Emosjonelle landskaper*. Tidsskrift for ungdomsforskning 2-2003, s. 49: «Ungdomstiden er en liminalfase, en tilstand som gjør grensene mellom kulturelle og identitetsmessige kategorier uklare, og som åpner for mobilitet mellom dem i sterkere grad enn i noen andre faser av livet. Derfor er ungdommer også langt mer mobile som konsumenter enn voksne.»
- 3 For ei utførelg drøfting av dette sjå t.d. Tidsskrift for ungdomsforskning 2/2006. For ei norsk drøfting og problematisering av omgrepa individualisering, valbiografi og risikosamfunn, sjå Krange, O. og Øia, T.: *Den nye moderniteten. Ungdom, individualisering, identitet og mening*. Oslo: Cappelen, 2005 og Aagre, Willy: *Ungdomskunnskap. Hverdagslivets kulturelle former*. Fagbokforlaget: Bergen, 2003. Sjå også Heggen, Kåre: *Ungdomsforskning og framtidorientering* i Ulstein, Jan Ove (red.): *Ungdom i rørsle 2. Faglege perspektiv og utfordringar*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2004.
- 4 Rossow, Ingebjørg: *Ungdommen nå til dags. Tall fra Ung i Norge 2002*. Tidsskrift for ungdomsforskning 1-2003, s. 96: «Hjemmet er den dominerende fritidsarena for ungdom flest».
- 5 Ungdomsforskarane Tormod Øia og Anders Bakken spør i artikkelen *Nye tall for ungdom. Midt i tenårene – noen tall fra ungdatabasen*. Tidsskrift for ungdomsforskning 1-2002, s. 82: «Kanskje er konformitet og tilpasning nyttige begreper for å forstå ungdom?»
- 6 Hankiss, Elemér: *The toothpaste of immortality. Self-construction in Consumer Age*. Baltimore, MD: John Hopkins University Press, 2006, s.279.
- 7 Hankiss 2006, s.227.
- 8 Hankiss 2006, s.297.
- 9 «Youth ministry» er på engelsk ei nemning som både refererer til kristent ungdomsarbeid og faget som arbeider med akademisk refleksjon knytt til kristent ungdomsarbeid.
- 10 Ward, Pete: *Liquid church*. Peabody, Massachusetts: Hendrickson Publishers, 2002. Denne boka vart i 2008 fulgt opp av boka *Participation and Mediation. A practical theology for the Liquid Church*. SCM Press, London 2008.
- 11 Bauman, Zygmunt: *Liquid Modernity*. Cambridge: Polity Press, 2000.
- 12 Ward 2002, s. 59: «To reduce this (consumer society) to materialism is to miss the point or more importantly is to miss an opportunity. For this «reaching beyond ourselves» indicates a spiritual inclination in many of the everyday activities of shopping. Rather than condemn the shopper as materialist, liquid church would take shopping seriously as a spiritual exercise».
- 13 Bauman, Zygmunt: *Community: Seeking safety in an insecure world*. Cambridge: Polity Press, 2001, s.142.
- 14 Bauman, Zygmunt: *Liquid Fear*. Cambridge: Polity Press, 2006, s.7.
- 15 Bauman, Zygmunt: *Liquid Fear*. Cambridge: Polity Press, 2006, s.176-177.
- 16 Smith, Christian with Lundquist Denton, Melinda: *Soul Searching. The religious and spiritual lives of American Teenagers*. Oxford: Oxford University Press, 2005, s.261.
- 17 Lytch, Carol E.: *Choosing church. What Makes a Difference for Teens*. Louisville, Kentucky: Westminster John Knox Press, 2004, s.202.
- 18 Martinson, Roland: *The Spirit and Culture of Youth Ministry*. Sjå www.exemplarym.com, s. 8. Denne undersøkinga meiner også å finne ei rekke «faith assets» som ein meiner er avgjerande for at ein ungdom kan utvikla ei tru som er «levedyktig» og flyttar med vidare: Faith Maturity, Pastoral Leadership Strength, Congregational Characteristics, Youth Involvement, Youth Minister Strength, Youth and Young Adult Leadership, Youth Ministry Effectiveness, Family Involvement.
- 19 Sjå t.d. Nyhus, Ole Jacob (upubl.): *Når livet er viktigere enn dets mening. Når kirka berører – fire ungdommers møte med kirka*. Oppgave i SPP modul III høsten 2008.
At kyrkje er kropp, er uttrykk for kyrkja sin sosialitet og bestemmer denne sosialiteten som allmennmenneskeleg, seier Myhre-Nielsen 1998. I eit skapingsteologisk perspektiv er mennesket å forstå som eit relasjonelt vesen. Dette kjem til uttrykk i det som i luthersk samanheng blir formulert som kallet. Her viser Myhre-Nielsen til Inge Lønning, som bestemmer det lekamlege som det medmenneskelege eller relasjonelle, og at kvalifiseringa av talen om det lekamlege på dette viset gjeld både folkelivet i allmenn og kyrkjeleg forstand.¹¹ Myhre-Nielsen sitt utgangspunkt er at fellesskap forstått som noko allment kjem før fellesskap forstått som noko kyrkjeleg – kyrkja lever av og på ei allmenn tilhørsle. Kyrkjemodellen hans kan illustrerast ved hjelp av ein ellipse med to brennpunkt, der det eine kan forståast som kyrkje slik ho kjem til fellesskapet slik det kjem til syne som dei truande i gudstenesta og den andre er fellesskap slik det kjem til syne i kallet. Men begge fellesskapsformer har same utgangspunkt.

Både på kyrkjelyds- og kyrkjenivå, seier Myhre-Nielsen, er menneske sin vekslende identifikasjon i ulike sosiale relasjonar noko som vil måtte spele ei direkte rolle i forståinga av den kyrkjelege sosialiteten.¹² Det lekamlege er uttrykk for kyrkja sin sosialitet og bestemmer denne som allmennmenneskeleg, ikkje kvantitativt, men kvalitativt. Mennesket, seier han, er i kraft av å vere skapt av Gud eit fellesskapsvesen. Dette kjem til uttrykk i forståinga av menneskelivet i eit kallsperspektiv. Kvalifiseringa av talen om det lekamlege gjennom det medmenneskelege og relasjonelle gjeld både folkelivet generelt sett og kyrkjelyden som fellesskapspraksis.¹³ For kyrkjetenkinga har dette den konsekvens at vi må halde fast på og forde ein sosial og etisk einskap mellom menneske sin livspraksis i og utanfor kyrkja.¹⁴ Påstandar om allmenne sosiologiske dynamikkar (som t.d. relasjonell teknologi) som òg kan utspele seg i kyrkjelege samanhengar bør såleis få kyrkja til å setje spørjeteikn i høve til den sosiale sjølvforståinga si.¹⁵

Overlappende fellesskap: Nokre kvardagsdøme

Nyare IKT-forskning viser at virtuelle relasjonar utfyller, supplerer og samverkar med IRL-relasjonar og fellesskap. Nettverksbunden kompleksitet blir framheva som innfallsvinkel til studiet av virtuelle fellesskap. Berre i dette perspektivet er det mogeleg å sjå virtuell praksis som kvardagsfenomen med ein eigen sosial karakter, hevdar Gotved 2003. Både nettpraksis og IRL-praksis eksisterer samstundes som «hverdagslivets fakta», seier ho.¹⁶ Eit døme på dette er at barn og unge er t.d. ikkje berre er saman på konkrete møtestader, men også på virtuelle arenaer, noko følgjande kvardagsopplevingar frå min eigen familie viser:

Da eldsteson min var seks år, var han og bestekameraten i ei lang periode opptekne av det japanske spel- og teiknefilmfenomenet Pokemon.¹⁷ Dei samla på kort, figurar og såg filmar saman – og leikte Pokemon og trenar innimellom. Da kameraten var med familien på ei lengre reise, heldt gutane denne interessa ved like via SMS på mødrene sine mobiltelefonar. Ein nær relasjon som òg handla om ei felles interesse vart mediert og vedlikehalden via eit moderne medium – og leiken gjekk som før når gutane ei tid etter endeleg møtte kvarandre att.

Seksåringar veks til, og blir etterkvart elleveåringar. Då eg spurte elleveåringen min om kva han skulle gjere her ein ettermiddag, fortalde han at han skulle vere saman med ein kamerat, og kameraten hadde lova å gje han ei gåve – Hyggeleg det, svara eg, kor skal dåkke vere? Det viste seg at dei skulle vere saman i kvart sitt hus, framfor kvar si datamaskin, i online-spelet Runescape.¹⁸ I Runescape er det gjerne 160000 menneske logga på samstundes, og i ei middelalderliknande verd må du gjennom karakteren din arbeide deg opp og fram i livet. Gåva sonen min skulle få, var ei øks, slik at han kunne tene pengar ved å hogge tre og selje ved, slik at han kunne kjøpe murstein til huset han heldt på å bygge. Alt i Runescape. Det hender seg jamvel at det blir halde bursdagsselskap i Runescape. Da får ungane virtuelle pengar eller reiskapar i gåve av venene sine. Gjennom ei blanding av spel og chat kan du feire bursda-

gen din på Runescape saman med ungane i gata og med ungar i England eller Spania – samstundes.

I ein ganske alminneleg kyrkjelyd vil både ungdomsleiarar og ungdom ta del i liknande virtuelle og reelle fellesskapspraksisar, t.d. på Facebook, MSN og i onlinespel. Fellesskapet i ungdomskyrkjelyden overlappar såleis med andre fellesskap på ein måte som lar seg avlese empirisk. Nyare IKT-forskning har såleis fremja påstanden om at virtuelle relasjonar utfyller, supplerer og samverkar med IRL-relasjonar og fellesskap. Den danske nettforskaren Stine Gotved har framheva nettverksbunden kompleksitet som innfallsvinkel til studiet av virtuelle fellesskap. Kun i dette perspektivet er det mogeleg å sjå virtuell praksis som kvardagsfenomen med ein eigen sosial karakter, hevdar ho.

I framtida kan ein spørje seg om det er naturleg å operere med eit så sterkt skilje mellom virtuelle og konkrete tolkingsfellesskap. Khor og Marsh 2006 seier at sosiale relasjonar vil fundamentalt sett vere som før, men likevel forskjellige på nokre vis: Kan hende vil vi om femten – tjuve år heller assosiere «fellesskap» med «nettverk» enn «gruppe». Den generasjonen som blir forma gjennom samtidig og framtidig nettbruk, vil truleg vere i stand til å kommunisere med eit vidare repertoar av menneske og finne felles drag seg imellom trass i at dei er ulike.¹⁹ Utfordrar ikkje dette tanken om at fellesskap først og fremst er noko som går føre seg mellom like menneske, samla på same stad om det same, jfr. tanken om kyrkjelydar for særskilte alders- og interessegrupper?

Nettpraksisar og konseptet fellesskap

Gotved 1999 nyttar omgrepa fellesskap og relasjonaltitet (community og relationship) i typologiseringane sine.²⁰ Ho viser til tre hovudperspektiv på fellesskapskonseptet som finnest i nettforskninga:

Tapt fellesskap? Den første tendensen kan karakteriserast som community lost, og påstår at den aukande kulturelle kompleksiteten på ulike samfunnsnivå har tømt dei tradisjonelle funksjonane som stad, familie og venskap hadde.²¹ I dette biletet blir nettmøte mellom

menneske framstilt som uautentiske pga. den fysiske avstanden mellom aktørane: Relationship lost eller (mi omsetting) tapt fellesskap.²²

Berga fellesskap? Den neste tilnærminga, community saved (berga fellesskap), ser slike lokale fellesskap som overlevarar, som tar vare på og held vedlike verdiar trass i den disintegrasjonen det urbane livet elles fører med seg. Denne tilnærminga føreset at vi har mist noko, men at nettet kan hjelpe til med å finne det tilbake. Nettet blir såleis sett på som ein middel som skal redde restane av det vi har mista for oss. Gotved kritiserer dette perspektivet som overoptimistisk og utopisk med tanke på det som har vore, og meiner at eit slikt perspektiv fornektar den faktiske, notidige sosialiteten,²³ med andre ord: At det ikkje tar omsyn til korleis fellesskap faktisk blir gjort i dag.

Frisett fellesskap? Gotved tar denne kritikken med seg i møtet med ei tredje tilnærming, community liberated (frisett fellesskap). Denne er oppteken av å sjå på ulike samband mellom menneske i staden for å avgrense dei territorielt, då ein stor del av sosialiteten i byen ikkje er bunde lokalt. Sambanda kan karakteriserast som nettverksprega, og varierer i styrke og intensitet, og må difor studerast over tid for at ein skal kunne femne utstrekninga deira. Fellesskapet sine mogelegheiter er med dette ikkje knytt til eit territorielt rom som på førehand er avgrensa. Dette tar Gotved med seg inn ein tale om relationship liberated.²⁴ Her er virtuelle relasjonar sett på som noko som er mogeleg mellom andre relasjonar, og ikkje framheva som særskilte korkje i overoptimistisk eller deterministisk, pessimistisk retning.²⁵ Ho søker såleis å avdramatisere ulikskapene mellom nettrelasjonalitet og IRL-relasjonalitet: Menneske sin nettpraksis avspeglar, dreg inn og responderar på det øvrige livet – og vice versa. Interessefellesskap av ulikt slag oppstår og går føre seg i stadige overlappingar mellom konkrete erfaringar og digital mediering.

Gotved argumenterer slik eg ser det overtydande for at relasjonelle nettpraksisar ikkje må sjåast på som fenomen som er atskilte frå andre praksisar, men som frisette fellesskap, som kvardagspraksisar. Dei blir korkje framheva som det som skal redde fellesskapspro-

sjektet (community saved/redda fellesskap) eller som noko som truger konseptet fellesskap (community lost/tapt fellesskap. Dei virtuelle relasjonane er opsjonar mellom andre opsjonar, korkje meir eller mindre. Såleis har dei noko kvardagsleg over seg. Folk sin nettpraksis avspeglar, dreg inn og responderar på det øvrige livet – og vice versa. Enkeltsubjektet utgjer likevel eit snittpunkt mellom ulike fellesskap, og det som skjer i overlappinga mellom historiene ser ut til å bety noko for einskildsmenneske på den måten at det gjer noko med liva deira. Denne relasjonelle utvekslinga kan koplust til kallstanken:

Det reformatoriske kallsomgrepet er eit omgrep som pretenderer å fange heile spekteret av sosial og etisk verkelegheit. I følgje Jensen 2002 er relasjonalitetstanken hos Martin Luther samansett av tre hovudaspekt: Eksistensiell nærleik, kroppsleg nærleik og kognitiv nærleik. Kroppsleg nærleik kan ikkje tenkjast bort frå relasjonalitetsomgrepet, men nettverkspraksisane viser at eksistensiell og kognitiv nærleik òg kan ligge føre som ikkje-kroppsleg nærleik.

Eg vil drøfte mogelege ekklesiologiske fortolkningar av nettverksbaserte fellesskapspraksisar. Utgangspunktet mitt for å hevde den ekklesiologiske relevansen av eit arbeid med desse tinga var ei kallsetisk forståing lik den vi får etablert hos Myhre-Nielsen 2003, utifrå tanken om å kaste lys over allmenne sosiologiske dynamikar som og kan utspele seg på kyrkjefeltet. Eg vil no drøfte mogelege ekklesiologiske konsekvensar av dette med utgangspunkt i Ward 2003 sin visjon om ei flytande kyrkje; liquid church. Denne visjonen tar nemleg òg utgangspunkt i relasjonelle nettverkspraksisar.

Flytande kyrkje?

Mogelege ekklesiologiske tydingar av fellesskap forstått som nettverk

Hos Ward 2003 blir kyrkje som samstundes og samstades fellesskap erstatta med kyrkje som relasjonell praksis og kommunikasjon i nettverk med utgangspunkt i Kristuserfaringa: «...the first move in imagining a liquid church is to take the informal fellowship, in which

we experience Christ as we share with other Christians, and say this is church.»²⁶ Tradisjonell kyrkjekropp eller fast kyrkje (solid church) er ikkje på nett med den andeleg interesse og den andeleg svolten i dag, meiner han.²⁷ Difor utfordrar han forståinga av fellesskap som noko samstundes og samstades.²⁸ Når kyrkja gjer anspråk på å vere fellesskap, slit ho som regel med å finne eit vis å vere Gudsrike på i samfunnet vidt forstått. Men for å gjere det, må ho ta kulturen på alvor og ikkje operere med dikotomien mellom verd og kyrkje.²⁹

Følgjande kjenneteiknar flytande kyrkje: Forsamling er erstatta med kommunikasjon. Menneske, grupper og organisasjonar er sambundne i flytande prosessar i nettverk: «Connection would gather around hubs and would be made up of connecting nodes».³⁰ Slik kyrkje inneber ikkje at fellesskapet er døyande, men at det er endra.³¹ I flytande modernitet er fellesskap uttrykt gjennom konstant flyt av kommunikasjon, meir enn gjennom samstundes og samstades samling, seier Ward.³² Flytande kyrkje vil såleis gje opp kyrkjelyds/forsamlingsstrukturane, og fellesskap vil utvikle seg etter behov og interesser.³³ I staden for å vere motkulturell, må kyrkja gå inn i samtidskulturen og sjå korleis ho kan vere kyrkje i denne og på denne sine premissar.

Ved å problematisere eit for skarpt skilje mellom kyrkja og verda, argumenterer Ward for at kyrkje må gjenkjennast ikkje berre i tradisjonelle strukturar og det samstundes og samstades.³⁴ Ward er som meg oppteken av kva mennesket sin vekslende identifikasjon i ulike sosiale relasjonar skal få å seie for forståinga av kyrkje. På bakgrunn av at han gjenkjenner «Christ in communication» også utanfor det vi er vane med å kalle kyrkja sine strukturar, ønskjer såleis Ward å etablere eit kyrkjeomgrep som tar omsyn til og inkorporerer denne gjenkjenninga. Eg meiner òg det er gode grunnar til å forsterke det dynamiske og organiske som kjenneteiknar Ward si førestilling om flytande kyrkje. Eg har likevel fleire kritiske merknader til Ward, både på bakgrunn av ei breiare nettverksperspektiv med vekt på Ward sin bruk av nettverksmetaforen og forestillinga om fly-

tande modernitet, og i eit meir spesifikt teologisk perspektiv:

Underkommunisert hos Ward: Det paranodale og det ambivalente

Ward har ei gjennomgåande positiv forståing av fellesskap som nettverk, med lite rom for ambivalens i høve til bruken av omgrep som fellesskap og relasjonaltitet. Men skal vi tale adekvat og sant om fellesskap, i kyrkja og elles, må vi ta høgde for at fellesskapsomgrepet har fleire sider enn den fine og positive.³⁵ I det flytande seinmoderne livet, seier Bauman 2004, er relasjonar noko høgst ambivalent. Når dei sosiale strukturane vi er vande med å støtte oss på felle saman, vil relasjonar vovne av vennskap framstå som livbelte eller livbåtar, seier Bauman. Vi snakkar om nettverk og prøver å mane dei fram på harde livet, seier Bauman.³⁶ Men slike relasjonar og fellesskapspraksisar går alltid føre seg med ein kalkulerert risiko. Dei er alltid på vilkår.³⁷ Angsten for å bli dumpa går hand i hand med ein kalkyle om å dumpe.

Ward søkjer å etablere eit fellesskapsomgrep som tar verda og verdslege praksisar på alvor. Men nissen flyttar med på lasset, for fellesskap forstått som nettverk og noder ber i seg same ambivalensen som fellesskap forstått som gruppe, jfr. Mejias³⁸ 2007b: Det har gått føre seg ei endring frå å sjå på nettverk som metafor til nettverk som realitet og som modell for å organisere sosialiteten – frå informasjon som skildring av verkelegheita til informasjon forstått som verkelegheita sjølv. Ward forstår heilt klart nettverk som det siste – som realitet, som verkelegheita sjølv. Ambivalensen blir kan hende enda sterkare i nettverket enn i gruppa, nett på grunn av nettverket sin flytande karakter. Mejias 2007b peikar både på faren ved at nettverk blir forstått heilt konkret og på faren ved at ein modell for forståing av praksis (i denne artikkelen sin kontekst kyrkje) får eit epistemologisk primat: «...critiques need to focus on the epistemological exclusivity engendered by the fact that nodes are only capable of recognizing other nodes».³⁹

I nettverk blir nærleik ikkje definert som fysisk proksimitet, men som sosial relevans.⁴⁰ Det Mejias kallar nodosentrisme – «the belief

that only nodes deserved to be mapped, explained or accounted for» – inneber ei reduksjonistisk og antikonkretuell tilnærming: «... while networks are extremely efficient at establishing relations between nodes (nodocentrism), they exclude knowledge of—and prevent participation in—anything that is not a node or cannot be incorporated into the network (the paranodal)».⁴¹ Nodosentrismen har som premiss at alt kan bli nettverk, og nettverket blir sett på som meir verkeleg enn det overskytande.⁴² Men det som skyt seg inn i dei opne romma mellom nodane, forstyrrer informasjonsflyten og tvingar nodane til å justere seg til nærveret sitt: «This parasitical disruption engenders a paralogy, a way to think outside the logic of the network, to disidentify from it, to resist its nodocentric view of the world».⁴³ Det paranodale er staden der vi erfarer kva det vil seie å vere utanfor nettverket, men framleis relaterte til det.⁴⁴ Ward si kyrkje blir såleis ei kyrkje for dei kreative og ressurssterke og synlege av oss, dei som kan artikulere og kommunisere.

Det paranodale har ei moralsk sprengkraft, meiner Mejias, som ein stad «where alternatives can be imagined and lived outside the network».⁴⁵ Såleis er det eit etisk underskot i Ward sin visjon om flytande, kreative og utøvande kyrkje. Ikkje alle som gjer nettverk, er i nærleiken av eller del av ein hub. I nyhendegruppa som Gotved studerte var t.d. ikkje mogeleg å gjere aktiv deltaking på nettet til kriterium for tilhøyrsløse – dei sosiale mønstera i gruppa overskrider den synlege avgrensinga på skjermen. Kva med dei som sit på «bakerste benken» i ei eller anna form? På trusopplæringskonferansen 2008 høyrde vi biskop em. Martin Lønnebo fortelje om den autistiske sonen sin, Jonas: Kva med dei som ikkje har den relasjonelle kompetansen som Ward sitt kyrkjesyn fordrar? Kva med dei som ikkje er kreative nok, meditative nok, interessante nok til å opparbeide relasjonane som deltaking i nettverket fordrar? Vi bør difor ta følgjande åtvaring frå Mejias 2007 b på alvor: «If the network offers a nodocentric model of sociality in which only nodes are constructed as subjects, excursions into the paranodal can help us balance this nodocentrism.»⁴⁶

Som Bauman 2004 formulerer det: «When it comes to designing the forms of human togetherness, the waste is human beings. Some human beings who do not fit into the designed form nor can be fitted into it».⁴⁷ Eit endra fokus frå kyrkje som organisert, samstundes og samstades samling til kyrkje som nettverk fjernar ikkje dette problemet korkje etisk eller evangelisk sett. Mejias si insistering på at vi må finne måtar å praktisere nettverk på som ikkje hindrar samband med det paranodale er eit viktig memento i høve til forståinga av kyrkje som nettverksbunden sosialitet.

Nokre lutherske perspektiv

Ward si flytande kyrkje framstår i eit optimistisk lys som relationship saved, eller berga fellesskap i høve til tradisjonell kyrkjepraksis, som ikkje ivartar og gjenkjenner fellesskap meir. Og til relationship saved-forståinga høyrer det eit syn på nettverkspraksis som føreset ein mål/middel-rasjonalitet. I lys av dette framstår dei allmenne kulturelle praksisane som viktig i kraft av at det går føre seg kyrkje gjennom dei – dei er viktige fordi Kristus blir kommunisert i og via dei, noko som ikkje inneber eit sterkt perspektiv på desse praksisane sin eigenverdi. Dette leier oss inn i ein enda tydelegare teologisk kritikk av Ward sitt perspektiv. Norheim 2005 har hevda at luthersk inkarnasjonsteologi kan vere ein ressurs i møte med desse tinga. I denne bolken vil eg såleis søkje å hente opp nokre kritiske moment med basis i sentrale drag ved luthersk teologi. Eg har grupert desse momenta i tre deler.

I høve til forestillinga om Christ communicated som kyrkje vil eg ta utgangspunkt i eit sentralt skrift i luthersk teologi, nemleg Martin Luthers «Om den kristne frihet». Dette skriftet er sentralt for forståinga av det som gjerne blir kalla simul-strukturar i luthersk teologi, eit dobbelt og dynamisk perspektiv på Gud og mennesket. Luther går i dette skriftet utifrå ein dynamisk distinksjon mellom Guds verk til frelse og i skapinga som korresponderer med ein distinksjon mellom det ytre og det indre mennesket som fritt i kraft av frelsa og træl i kraft av skapinga: «Et kristent menneske er en helt og holdent fri herre over alle ting og ikke

underlagt noen. Et kristent menneske er en tvers igjennom pliktskyldig trell under alle ting og underlagt enhver».

I dette skriftet finn vi uttrykt eit homiletisk program: «Forkynningen av Kristus må skje med det mål for øyet at den skal fremme troen på han, så han ikke bare skal være Kristus, men Kristus for deg og meg».⁴⁸ Det handlar om å formidle Kristustrua slik at Kristus blir gjenkjent som svaret på det menneske treng. Mellom mennesket sitt behov og Guds vederlagsfrie tilsvar i Kristus og mellom nesten sitt behov (som kan stettast med mitt vederlagsfrie tilsvar, utan tanke på eiga vinning korkje overfor Gud eller menneske) er det ein analogi: «Hver enkelt av oss skal bli Kristus for den andre, så vi innbyrdes kan bli Kristuser og Kristus den samme i alle, det vil si: sanne kristne.»⁴⁹

Utifra dette kan vi etablere ei forestilling om Kristuskommunikasjon som femnar vidare og er meir mangfaldig enn den Ward opererer med. Ward har rett i at Kristuskommunikasjon går føre seg utanfor det vi er vane med å tenke på som kyrkje. Han har nok òg rett i at nettverkspraksis kan vere kyrkjepraksis. Men treng vi kalle all Kristuskommunikasjon for kyrkje? Myhre-Nielsen 1998 átvarar mot eindimensjonale kyrkjemodellar som reindyrkar enten sondringa eller samanhengen mellom høvesvis evangeliet og verda eller kyrkje og samfunn. Som eg har peika på, fell Ward i sin iver etter å oppheve dikotomien mellom verda og kyrkja i den motsette fella, nemleg å reindyrke identifikasjonen mellom evangeliet og verda i den grad at verda blir redusert til behaldar for evangeliet. Verda blir først teologisk viktig i kraft av at evangeliet blir formidla gjennom henne.

I Ward 2009 blir sakramentsteologien i liten grad tematisert. Her kan Wingren 1969 vere til hjelp: Det som gjer kyrkje til kyrkje er at evangeliet blir forkynt og sakramenta forvalta.⁵⁰ Men kyrkje blir ikkje til av seg sjølv. Alt som konstituerer kyrkja er innstifta av Kristus og utsendt og spreidd slik at alle skal få høve til å bli fylt med det livet som Kristus vil gje til alle menneska. Forlatinga av syndene har ein dynamisk karakter, ho er utsend av Kristus og kan ikkje slå seg til ro før ho er komen til den ytter-

ste utposten der folk bo. At kyrkja finnest lokalt er altså grunna i tanken om missio, sendinga.⁵¹ Av dette følgjer det at kyrkja har eit organisk preg: Ho flyttar seg på tvers av land og grenser⁵² Gudtenestefellesskapet og lokalkyrkjelyden:⁵³ Det er her det blir gjort kyrkje. Her er det missio, utsendinga, går føre seg. Kyrkja kviler på dette – Gud sender. At kyrkja framleis finnest og vert halden oppe, avheng av at nokon tar imot – lyder – Kristus. Kyrkja i eit land eller område kan sjølvsagt halde opp med å eksistere. Men at det blir gjort kyrkje i eit land, er fordi kyrkja har blitt sendt dit på eit eller anna tidspunkt. Umiddelbart synest vekt på det rørlege å konvergere med det Ward fokuserer på. Men grunnar vi kyrkjesyntet utifrå missio, sendinga eller utsendinga av evangeliet til folket, er skapingstanken ein føresetnad, seier Wingren.⁵⁵

Konklusjon og utblikk

Eg har søkt å argumentere for nettverk som ein mogeleg metafor for både kyrkje- og kallspraksis. Det inneber ei merksemd på fellesskap forstått som bruer, som noko overskridande. Men fellesskap som nettverk eller bruer er korkje meir eller mindre heilt eller ubrote enn fellesskap forstått som band, som gruppesolidaritet. Myhre-Nielsen 1998 etterlyser utvikling av ekklesiologiske kategoriar som samstundes kan reflektere ulike sider ved kyrkjeverkelegheita og resten av samfunnet forstått som den heilskapen som både omgir og ber trusfellesskapet. I denne artikkelen har eg drøfta fellesskap som utspelar seg i nettverk framfor som gruppe, og peika på korleis fellesskap overlappar.

I lys av dette kan vi problematisere teologisk bruk av skarpe empiriske distinksjonar mellom kyrkje og verd, ikkje berre fordi vi meiner at dei er teologisk problematiske, men også fordi dei er empirisk uinformerte. Når vi t.d. snakkar om kyrkjer som fellesskap, står ikkje valet mellom eit kyrkjeleg eller eit allment fellesskap. Om vi føreset at eitkvart kristent fellesskap lever av allmenn tilhøyrslse, er det heller snakk om kva former for (i fleirtal) fellesskap (både kyrkjelege og andre) den evangeliske samhandlinga skal utspele seg i.⁵⁶ Det er truleg

ikkje slik at dei som er kristne hentar identiteten sin berre frå kyrkja, eller at kyrkja er den einaste og/eller fremste moralske sosialiseringsagenten deira – dei er som regel, om dei ikkje er i ekstremt sekteriske kyrkjepraksisar⁵⁷, involvert i mange andre sosiale sfærer.⁵⁸ For å kunne opne seg i høve til kallstanken er der avgjerande at fellesskapet sine mogelegheiter ikkje knytt til eit territorielt rom som på førehand er avgrensa.

Det er gjennom å gjere nettverk at vi blir del av kvarandre sine historier. Eg meiner at desse vekslende identifikasjonane må gjere at vi endrar vår oppfatning av kva fellesskap er frå noko som ikkje berre går føre seg som gruppe samstundes og samstades, men også som nettverk, både samstundes og i sann tid, men også på tvers av tid og stad. Eg etterlyste så mogelege ekklesiologiske konsekvensar av ei slik forståing. Seier vi 1) at fellesskap forstått som nettverk utgjer allmenne sosiale dynamikkar som òg kan utspele seg i kyrkjelege samanhengar, og samstundes 2) fordrar ein sosial og etisk einskap mellom menneske sin livspraksis i vekslende sosiale relasjonar, er fellesskap forstått som nettverk ein føresetnad både for kall og kyrkje, for *vocatio* og *missio*.

Kallstanken ber i seg ei gjenkjenning av Guds verk også utanfor kyrkja, tanken om overlappande moralske fellesskap kan vere med på å kaste lys over dette. Både *vocatio* og *missio* føreset ei overskriding av fellesskap forstått som samstundes og samstades gruppe. Nett at vi ikkje treng kalle alt Guds verk kyrkje, gjer også at vi kan etablere ein analogi mellom kallstanken og førestillinga om frisette fellesskap. Det frisette fellesskapet sine mogelegheiter som kall er ikkje knytte til på førehand territorielt avgrensa rom, og er ikkje noko middel for å oppnå noko anna (jfr. Alasdair MacIntyre si førestilling om praksis og praksisinterne *godelix*), men eit mål i seg sjølv. Omdreiningspunktet for den kristne trua er ikkje noko som finnest i kraft av den einskilde av oss sine evner til å gjere nettverk eller vere kreativ, eller den einskilde av oss sin evne til å setje livet på formel.

I spørsmålet om mogelege ekklesiologiske fortolkningar av relasjonell nettverkspraksis

(både virtuelt og IRL) tok eg utgangspunkt i ei kritisk drøfting av Pete Ward sin visjon om flytande kyrkje. Denne baserer seg på relasjonell nettverkspraksis, både virtuelt og IRL. Når Ward tar utgangspunkt i Zygmunt Bauman si førestelling om flytande modernitet, har han eit eintydig positivt syn på kva flytande modernitet kan tyde for kyrkja, og tar ikkje med dei mindre positive sidene ved flytande modernitet som Bauman sjølv gjer sterkt merksam på. Den vidare kritikken av Ward tok utgangspunkt høvesvis i nettforskning og i eit teologisk perspektiv, og identifiserte både Ward sitt manglande perspektiv på det paranodale og eit beslektta problem: At Ward si flytande kyrkje er ei kyrkje for dei ressurssterke og kreative. Deretter henta eg opp nokre sentrale strukturar i luthersk teologi som eg meiner er betre egna enn dei teologiske kjeldene Ward nyttar som utgangspunkt for å få tak i det eg meiner Ward overser:

I denne artikkelen har eg søkt å påvise ein konvergens mellom eit kallsetisk utgangspunkt og forskinga på nettverksbunden sosialitet, med vekt på etisk og moralsk sosialisering. Gud handlar med menneske både i og utanfor kyrkja, og menneske kan sjøvsagt gjenkjenne Kristus i og utanfor kyrkja (uansett kva slags sosialitet ho utspelar seg i og gjennom). Det vil vere vanskeleg å tale om kallstanken slik at han kan gjenkjennast i vår kvardag, om ikkje vi tar vegen om fellesskap og relasjonalt forstått som noko som òg går føre seg som intersubjektive nettverkspraksisar, både i grupper eller noder og på tvers av grupper eller noder.

Å kalle alt Guds verk kyrkje er likevel korkje naudsynt eller meiningsfylt utifrå den tilnærminga eg etablerte med å hente opp momenta frå Om den kristne frihet. Ei slik skjelning mellom Guds verk og mennesket sin identitet ivaretar slik eg ser det betre dei problema som melder seg i kjølvatnet av Ward si flytande kyrkje enn dei teologiske ressursane han sjølv opererer ut i frå.

Om vi seier at nettverkstanken er med på å gje oss ei betre forståing av kallstanken, kva då med det andre brennpunktet i Myhre-Nielsen sin ellipsemodell? Korleis tenkjer vi om lovpri-sande og tilbedande fellesskapet som vi finn

kring ord og sakrament i gudstenesta? I Confessio Augustana sin artikkel VII heiter det: «Men kirken er forsamlingen av de hellige, der evangeliet blir lært rent og sakramentene forvaltet rett.» Har det at det også er mogeleg å forstå fellesskap som nettverk, både i kallet og kyrkja, konsekvensar for vår forståing av «samfunnet av dei heilage»? Både og:

Seier vi at kallspraksis gjerne går føre seg som nettverkspraksis, og at kyrkje kan utspele seg i denne sosialiteten, kan vi tenkje oss gudstenestepraksis som hub, ei opphopning av menneske som feirar at dei er tilgjevne syndarar, framfor å tenkje om dei som tar del i gudstenesta som ei til alle tider stabil og avgrensa gruppe til forskjell frå andre grupper. Organisatorisk sett er det sjøvsagt ønskeleg med ein viss stabilitet i ein slik gudstenestefeirande hub, ikkje minst med tanke på lokal forankring, både når det gjeld kontekstualisering (både etisk og evangelisk) og med tanke på styringsstrukturar og kyrkjeleg demokrati. Utfordringa med eit nettverksperspektiv er, som Mejias 200b peiker på: «...not that of replacing one kind of mediation with another, but of incorporating new forms of mediation (such as networked proximity) into socially meaningful kinds of nearness.»⁶⁰ Men eg har vist at det å sjå kyrkje med nettverksmetaforen sin optikk, med vekt på det gruppeoverskridande, i kombinasjon med eit luthersk utgangspunkt, gjer det mogeleg å tale om friset fellesskap både i kallspraksis og gudstenestepraksis.

Ei forståing av kallet som friset fellesskap gjer det likeeins mogeleg å forstå kyrkje som kyrkje, som eit fellesskap av tilgjevne syndarar der evangeliet blir forkynt reint og sakramenta forvalta rett. I lovsongen og tilbedinga kjem kyrkja til syne: «Etter sitt vesen er doknologiske Guds-utsagn alltid utsagn som stammer fra trosfellesskapet av de anfedte, der Guds sannhet stedfortredende bringes til uttrykk på vegne av hele skaperverket ved at mennesker sammen og på hørbart vis sannkjenner seg selv som Guds skapninger, i ren og takknemlig lovprisning.»⁶¹

Det evangeliske og det sakramentale forstått som for menneska utanfrågitte, tilkjente storleikar er eit korrektiv til ei forståing av kyrkje

som forankra i menneske sin andeleg aktivitet. Korkje liva våre og fellesskapa vi gjer er ubrotne eller perfekte. Så må også det fellesskapet vi opplever når vi gjer kyrkje, forståast som friset, ikkje som noko som skal berge konseptet fellesskap i ei truga verd, men ein stad som både føreset at fellesskap finnest og blir praktisert, og som friset fellesskapet: «Et kristent menneske lever ikke i seg selv, men i Kristus og sin neste. Ellers er man ingen kristen. Den kristne lever i Kristus ved troen, i sin neste ved kjærligheten»⁶²

Litteratur

- Drotner, K., 1999 Unge, medier og modernitet – pejlinger i et foranderlig landskap (København: Borgen) Bauman, Z., 2004 Wasted lives. Modernity and its Outcasts. (Cambridge: Polity)
- Garton, L.; Haythornthwaite, C. og Wellman, B., 1997: «Studying Online Social Networks» i Journal of Computer-Mediated Communication 3 (1) 1997. <http://jcmc.indiana.edu/vol3/issue1/garton.html>
- Gotved, S., 1999 Cybersosiologi – det samme på en annen måte. (København: Københavns universitet, ph.d.-avhandling). <http://www.komm.ruc.dk/personale/gotved/>
- Gotved, S., 2001 «Nætfellesskaber – den virtuelle hverdag» i Kontur 03/2001: 15–23. http://www.hum.au.dk/cek/kontur/pdf/kontur_03/stine_gotved.pdf
- Jensen, R., 2002 Subjektkonstitusjon og Gudstale. Drøftelse av konstitusjonen av det etiske subjekt i moderniteten med særlig vekt på Martin Luthers antropologi og etikk. (Oslo: Unipub)
- Khor, Z. og Marsh, P., 2006 Life online: The web in 2020. A study by the Social Issues Research Centre on behalf of Rackspace Managed Hosting. (Oxford: The Social Issues Research Centre) <http://www.sirc.org/publik/web2020.pdf>
- Lerheim, B. (2008, in press): «Bridging communities, healing communities» i Broken Bodies and Healing Communities: Reflections on Church-based Responses to HIV/AIDS in South Africa, (Pietermaritzburg: Cluster Publications)
- Luther, M., 1520 «Om den kristne frihet» i Lønning, I. og Rasmussen, T. (red.): Verker i utvalg/Martin Luther, bind II, 1979 (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag): 203–234
- Lønning, I., 2008: «Grunnstrukturen i kristen gudslære» i S. Aa. Christoffersen m.fl. (red.): Menneskeverd. Festskrift til Inge Lønning. (Oslo: Press): 295–319
- Lövheim, M., 2006 «A space set apart» i Sumiala-Seppänen, J., Lundby, K. & Salakangas, R. (ed.) Implications of the Sacred in (Post)Modern Media. (Göteborg: Nordicom)
- Mejias, U. A., 2007a: «The tyranny of nodes?: Towards a critique of social network theory», konferansepresentasjon som ligg føre på <http://ideant.typepad.com/shows/netherlands2007/netherlands2007.htm>
- Mejias, U. A., 2007b: Networked Proximity, ICT and the Mediation of Nearness, ligg elektronisk føre på http://blog.ullisesmejias.com/wp-content/uploads/2007/12/mejias_networked_proximity.pdf
- MacIntyre, A., 1985 After virtue, second (corrected) edition (with Postscript), (London: Duckworth)
- McGrath, A., 1997, Christian Theology. An Introduction, Second Edition (Oxford: Blackwell)
- Myhre-Nielsen, D., 1998 En hellig og ganske alminnelig kirke, (Trondheim: Tåpir)
- Norheim, B., «Misjonale konfirmasjon i nordisk-baltisk kontekst. Ungdomsteologi som misjonsteologi», Norsk tidsskrift for misjon 3/2005: 143–158
- Scharen, C. B., 2005 «Judicious narratives», or ethnography as Ecclesiology» i Scottish Journal of Theology 58(2): 125–142
- Stav, B. H., 2005. Barns chatting og sosiale selvpoppfatning. En undersøkelse av 7. Klassingers chatting på Internett og deres opplevde sosiale kompetanse, ved bruk av kombinasjonsmetoder, (Trondheim: Psykologisk institutt ved NTNU) <http://www.sintef.no/digitalbarndom/Stav.pdf>
- Torrance, T. F., 1995 «Thomas F. Torrance on Karl Barth's Natural Theology», utdrag frå Torrance, T. F.: 1980 The Ground and Grammar of Theology, (Charlottesville: University press of Virginia) i McGrath, A. (ed.): The Christian Theology Reader (Blackwell: Oxford 1995): 85–88.
- Ward, P., 2003 Liquid Church. A bold vision to be God's people in worship and mission – a flexible, fluid way of being Church. (Carlisle: Paternoster) 2003
- Wingren, G., 1963 Demokrati i folkkyrkan (Lund: Ordet och kyrkan)

Noter

- 1 Artikkelen tar utgangspunkt i deler av kapitlet «Kyrkje som nettverk? Ekkesiologiske perspektiv på relasjonelle nettverkspraksisar», s. 169 – 213 i ph.d. avhandlingsmi: Vedkjennning og gjennkjennning. Refleksjonar i snittpunkta mellom kyrkjetenking og kyrkjepraksis (disputas februar 2009). I avhandlingskapitlet blir også virtuelle moralske fellesskap drøfta, i eit samspel med og som ein kritikk av Alasdair MacIntyre si førestilling om moralske fellesskap.
- 2 Lövheim: 259.
- 3 Khor og Marsh 2006: 16.
- 4 Khor og Marsh 2006: 17.
- 5 Drotner 1999: 130.
- 6 Lövheim: 267.
- 7 Stav 2005: 15.
- 8 IRL= In Real Life – i det verkelege livet.
- 9 Stav 2005: 17.
- 10 Lerheim 2007: 56. Dobbeltkretslæring er eit sentralt pedagogisk grep i forsøka i Trusoppføringsreforma sin ideologi. Dobbeltkretslæring er ei praksisindusert, paradigme-erandrande læringsform der vi, når vi står overfor eit problem grunnleggjande sett har to val. Enten å sjå på bruk av handlingsreglane våre eller å la det vi erfarer endre handlingsreglane.
- 11 Myhre-Nielsen 1998: 415 og 416.
- 12 Myhre-Nielsen 1998: 283. Synspunktet bygger på storby sosiologiske overveingar frå Knut Lundby i denne sin studie av Tøyenkirken i Oslo.
- 13 Myrhe-Nielsen 1998: 415 og 416.
- 14 Myhre-Nielsen 1998: 417.

- 15 Myhre-Nielsen 1998: 282.
 16 Gotved 2003:16.
 17 <http://www.pokemon.com>
 18 www.runescape.com
 19 Khor og Marsh 2006: 33.
 20 Barry Wellman nytta denne tilnæringsmetoden i eit forsøk på å kunne sjå forbi tradisjonelle sosiale og geografiske avgrensingar i storbystudiene sine i Toronto. Jfr. Barry Wellman, 1979 «The Community Question: The Intimate Networks of East Yorkers» American Journal of Sociology vol 84 number 5: 1201 – 1231, ligg føre på <http://www.jstor.org/view/00029602/dm992647/99p0504p/0>. Seinare har han vidareført arbeidsmåten sin i studier av sosial teknologi. I sosial nettverksanalyse er ei gruppe ein empirisk konstaterbar struktur. Ved å undersøkje dei relasjonelle mønstera mellom medlemene i ein populasjon, framstår grupper som «highly interconected sets of cliques and clusters», sjå t.d. Garton, Haythornthwaithe og Wellman 1997: 8. Sosial nettverksanalyse ser etter kven som høyrer til gruppa, og kva slags relasjonsmønster som definerer og held oppe gruppa.
 21 Gotved 1999: 10.
 22 Gotved 1999 s 11.
 23 Gotved 1999: 13.
 24 Gotved 1999: 10.
 25 Gotved 1999: 175.
 26 Ward 2003: 2.
 27 Ward 2003: 3. Han legg fram tre typologiar som skil-drar kva som har skjedd med kyrkja: Soknet fungerer ikkje lengre som eit uttrykk for fellesskap, men fungerer som eit historisk monument på konserverande vis (Church as Heritage Site). Den andre mutasjonen handlar om kyrkje som tilfluktsstad (Church as Refuge), ein stad der folk søker fellesskap og tryggleik frå moderniteten sine stormkast. Den tredje mutasjonen kallar han Church as Nostalgic Community – kyrkjelydar som har denne sjølvforståinga marknadsfører seg sjølve som den eine staden i samfunnet der det å samlast om noko felles framleis er mogeleg. Dette er stort sett ønsketenkning, seier Ward, fordi dei fleste kyrkjelydar er mono- eller duokulturelle. Med bruk av typologiseringane fra Gotved kan vi seie at slike både kyrkje som tilfluktsstad og kyrkje som nostalgisk fellesskap ser seg sjølve som berga fellesskap, som botemiddel mot tapt fellesskap.
 28 Ward 2003: 25 og 26.
 29 Ward 2003: 30.
 30 Ward 2003: 87. «Node» kjem frå latin «nodus», som tyder knute, og viser til stader «whose data points whose relationships can be clearly drawn and whose inputs and outputs can be measured». Mejias 2007 s 84. Et subjekt der ulike relasjonar og kommunikasjons-linjer motest, t.d. i relasjonelle IKT-praksisar, er såleis å sjå på som ein node i eit nettverk.
 31 Ward 2003: 88.
 32 Ward 2003: 87.
 33 Ward 2003: 89.
 34 Ward sitt kyrkjensyn tar utgangspunkt i at kyrkje er Christ communicated and at dette skjer i populkulturen gjennom nettverksbaserte relasjonelle praksisar. Kva gjer dette med forståinga av forholdet mellom kyrkje og verd? Er det slik at dersom vi aksepterer denne måten å tenkje fellesskap på, utviskar grensene mellom kyrkja og verda elles både teologisk og empirisk? Umiddelbart synest Ward, med si bejaing av samtids-kulturen, å ha det eg frå min eigen teologiske kontekst vil gjenkjenne som eit sterkt skapingsteologisk perspektiv. Denne assosiasjonen er lett å få fordi dei norske kyrkjepraksisane som har vore mest positive til samtida sine kulturelle uttrykk (f.eks. tensingrørsla) har mål-bore ein sterk skapingsteologi med røter i grundtvigianis-men. Ward sitt skapingsteologiske perspektiv har utgangspunkt i barthiansk teologi. No påpeikar Torrance 1980 at Barths sin teologiske kritikk av natur-leg teologi ofte blir misforstått som ein svak skapingsteologi. Dette er uttrykk for ei misforståing. Snarare, seier Torrance, er det slik at skapingsteologien er inkludert i kristologien: «If really to know God to his saving activity in our world is to know him as triune, then the doctrine of Trinity belongs to the very groundwork of knowledge of God from the very start, which calls in questions any doctrine of God as the one God gained apart from his trinitarian activity – but that is the kind of knowledge of God that is yielded in natural theology of the traditional kind». Eg kritiserer såleis ikkje Ward for eit mang-lande blikk for skapingsteologi, men for kva slags ska-pingsteologi han tar utgangspunkt i, fordi eg meiner at dette er relevant i høve til kva han ser og ikkje ser.
 35 Sjå Lerheim 2008 og Lerheim 2005.
 36 Bauman 2004: 129.
 37 Bauman 2004: 124.
 38 Mejias er Assistant Professor ved State University of New York, Oswego, og har vidare bakgrunn frå Columbia og Cornell, mellom annan med å leie e-læringsssystem.
 39 Mejias 2007b s 3
 40 Mejias 2007, tekst til slide 1
 41 Mejias 200b, s 5
 42 Mejias 2007, tekst til slide 13.
 43 Mejias 2007, tekst til slide 11.
 44 Mejias 2007, tekst til slide 9.
 45 Mejias 2007, tekst til slide 14.
 46 Mejias 2007b s 124
 47 Bauman 2004: 30.
 48 Luther 1520 i Lonning og Rasmussen (red.) 1979: 216.
 49 Luther 1520 i Lonning og Rasmussen (red.) 1979: 225.
 50 Wingren 1963 s 26
 51 Wingren 1963 s 27
 52 Wingren 1963 s 29
 53 Wingren 1963 s 21
 54 Wingren 1963 s 32
 55 Wingren 1963 s 30
 56 Myhre-Nielsen 1998: 252.
 57 I religionssosiologien er sekt vanlegvis forstått som ei samanslutning av sterkt engasjerte medlemmer som ber preg av å vere ein minoritet i samfunnet, som stiller sterke krav til medlemene sine, som har eit konfliktfylt forhold til verda og som er overtydd om at deileine har rett og andre livssyn tar feil. Repstad 2000: 70.
 58 Scharen 2005: 131.
 59 Ein praksis er noko anna og meir enn berre dugleik eller ein teknikk. Vi kan seie at ein praksis er eit omgrep knytt til gode som er indre, ikkje berre instrumentelle eller eksterne i og for praksisen det gjeld. Eksterne gode kan forståast som gode som ein gitt praksis kan brukast til å frambringe. Interne gode blir forstått som gode som ein gitt praksis i seg sjølv bringer fram. Med praksis forstås MacIntyre her «any coherent and complex form of socially established human activity through

which goods internal to that form of activity are realized in the course of trying to achieve those standards of excellence which are appropriate to, and partially definitive of, that form of activity, with the result that human powers to achieve excellence, and human conceptions

of the ends and goods involved, are systematically extended». (MacIntyre 1985:187

60 Mejias 2007b s 124.

61 Lønning 2008 s 318

62 Luther 1529 i Lønning og Rasmussen (red.) 1979 s 229

Samandrag:

Når nye medier kjem til, er det naturleg å sjå på kva konsekvensar dei medierte praksisane kan få for eksisterande kulturelle og sosiale normer og relasjonar. Med et luthersk, kallsetisk utgangspunkt og utgangspunkt i Dag Myhre-Nielsen sin elliptiske kyrkjemodell undersøker Lerheim nye former for relasjonell teknologisk praksis, og reflekterer over kva relasjonaltitet og felleskap forstått som nettverk kan ha å seie for forståinga av kyrkje som fellesskap. Dette blir så drøfta i lys av den engelske teologen Pete Ward si førestilling om flytande kyrkje. Forfattaren kritiserer Ward på to punkt: Ward si kyrkje blir ei kyrkje for dei kreative og ressurssterke. Han tar ikkje ambivalensane som ligg i fenomenet fellesskap på alvor. Men utgangspunkt i forestillinga om det paranoiske, som er henta frå den meksikansk-amerikanske mediepedagogen og –forskarer Ulises Mejias, viser ho korleis utfordringa ikkje er å erstatte ein modell for den kyrkjelege sosialiteten med ein annan, der berre dei som kan handtere fellesskap og relasjonaltitet som noder i nettverkspraksisar blir sett som subjekt, men der dei som ikkje har føresetnader for dette også blir telt med.

Bønn og disippelskap i Lukas-Acta

Til belysning av bønnens betydning for kristen formatio¹



AV GEIR OTTO HOLMÅS

Geir.O.Holmas@mf.no

Innledning

«Herre, lær oss å be, slik Johannes lærte sine disipler.» Henstillingen kommer fra en talsmann for en flokk ungdommer som har fulgt Mesteren gjennom en tid. Det de har sett og hørt under vandringen med Jesus, har vekket lengselen i dem. Triggert av hans eget eksempel søker de veiledning om det viktigste: «Herre, lær oss å be.»

Det er Lukas som forteller dette (Luk 11,1). Lukas blir gjerne omtalt som «bønnens evangelist.» Gang på gang retter han oppmerksomheten mot den viktige rollen bønn spiller i Jesu liv og tjeneste. Ved ikke mindre enn 11 ulike anledninger nevner han at Jesus ber (Luk 3,21; 5,16; 6,12; 9,18.28-29; 10,21-22; 11,1; 22,32.42-43; 23,34.46) og bare to av disse tekstene har paralleller i de andre synoptiske evangeliene.² I Lukasevangeliet gjør også Jesus oftere bønnen til tema når han underviser disiplene enn i de andre evangeliene. Hovedvekten i Jesu bønneopplæring ligger på formaningen om at disiplene skal være utholdende i bønn i forvisning om at Gud trofast vil hjelpe sine utvalgte (Luk 11,5-13; 18,1-8; jf. 21,36). I Apostlenes gjerninger fører Lukas bønnemotivet videre ved å fremstille Jesusbevegelsen i tiden etter oppstandelsen som stadig hengitt til bønn, i tråd med Jesu eksempel og undervisning, særlig i møte med forfølgelse og på terskelen til nye initiativ i frelseshistorien (Apg 1,14.24-25; 2,42; 3,1; 4,23-31; 6,4.6; 7,59-60; 8,15; 9,11. 40; 10,2.9.30-31;

11,5; 12,5.12; 13,2-3; 14,23; 16,25; 20,36; 21,5.14; 22,17; 28,8).

I rammen av tobindsverket Lukas-Acta betraktet som én lang fortelling, kan anmodningen om bønneundervisning i Luk 11,1 ses på som en viktig hendelse i det vi kan kalle et slags subplot som utfolder betydningen av bønn for Jesu disipler.³ En hovedgrunn til at Lukas legger så stor vekt på bønnen i tobindsverket, er utvilsomt at han vil tilskynde og inspirere leserne, som selv er del av fellesskapet av dem som følger Jesus, til «alltid å be og ikke gi opp» (jf. Luk 18,1).⁴ Lukas' tilnærming ligger fjernt fra funksjonalistiske bønneveiledninger à la «How to pray effectively» i ti punkter. Sett med moderne øyne er det egentlig påfallende hvor liten vekt tekstene i Lukas-Acta som omhandler bønn legger på *hvordan* en skal be og *hva* en skal be om. Bønnemotivet utvikles først og fremst ved hjelp av korte notiser plassert på nøkkelsteder gjennom hele fortellingen, som samlet gir et levende bilde av Jesu og Jesusbevegelsens dedikasjon til bønn og av hvordan Gud trofast har handlet i frelseshistorien som svar på bønn. I tråd med konvensjonene for historieskriving i antikken, har fortidens hendelser og handlingsmønstre i Lukas-Acta ofte paradigmatiske funksjon, og de stadige henvisningene til dedikert bønn er primært ment som eksempler til etterfølgelse.⁵

«Tro former praksis – praksis former tro.»⁶ Relasjonen mellom kristen tro og praksis kan

